



**Riksrevisjonen**

## Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjonar som er behandla av Stortinget

---

Dokument 3:1 (2014–2015)

8 5 664 -577 -7 285 18 4 588 315 6 554 735 394 216 2 577 634 492



23 257 -3 918 240 1 255 712 474 320 120 3 924 23 701 329 714

Denne publikasjonen er tilgjengeleg på Internett:  
[www.riksrevisjonen.no](http://www.riksrevisjonen.no)

Offentlege etatar kan tinge publikasjonen frå  
Departementenes servicesenter  
Telefon: 22 24 20 00  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)

Andre kan tinge frå  
Bestillinger offentlige publikasjoner  
Telefon: 55 38 66 00  
Telefaks: 55 38 66 01  
E-post: [offpub@fagbokforlaget.no](mailto:offpub@fagbokforlaget.no)

Fagbokforlaget AS  
Postboks 6050 Postterminalen  
5892 Bergen

ISBN 978-82-8229-296-2

## Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjonar som er behandla av Stortinget

---

Dokument 3:1 (2014–2015)



## Til Stortinget

Riksrevisjonen legger med dette fram Dokument 3:1 (2014–2015) *Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjonar som er behandla av Stortinget*. Riksrevisjonen følger normalt opp forvaltningsrevisjonar tre år etter at sakene er behandla. Dersom det ikkje er gjort nødvendige endringar etter tre år, blir saken følgt opp igjen året etter.

Dokument 3:1 (2014–2015) omtaler oppfølginga av 11 forvaltningsrevisjonar. Ti saker er avslutta. En sak følgjes vidare:

- *Riksrevisjonens undersøkelse av Integrerings- og mangfoldsdirektoratets måloppnåelse og virkemiddelbruk i arbeidet med bosetting og kvalifisering av flyktninger* – Dokument 3:3 (2010–2011).

Riksrevisjonen, 16. oktober 2014

For riksrevisorkollegiet

*Per-Kristian Foss*  
riksrevisor



## Innhold

Oppfølging av Riksrevisjonens undersøkning av korleis Miljøverndepartementet varetek det nasjonale ansvaret sitt for freda og verneverdige bygningar – Dokument 3:9 (2008–2009)	7
Riksrevisjonens undersøkelse av Enova SFs drift og forvaltning – Dokument 3:6 (2009–2010)	11
Riksrevisjonens undersøkelse om oppfølging av og kvalitet i private institusjoner innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige – Dokument 3:7 (2009–2010)	13
Oppfølging av Riksrevisjonens undersøkelse om strålingssikkerhet og beskyttelse av miljøet mot forurensing fra radioaktive kilder i Nordvest-Russland – Dokument 3:9 (2009–2010) og Dokument 3:5 (2011–2012)	16
Riksrevisjonens undersøkelse av Integrerings- og mangfoldsdirektoratets måloppnåelse og virkemiddelbruk i arbeidet med bosetting og kvalifisering av flyktninger – Dokument 3:3 (2010–2011).	24
Riksrevisjonens undersøkelse av resultatorienteringen i norsk bistand – Dokument 3:4 (2010–2011)	31
Riksrevisjonens undersøkelse av Arbeids- og velferdsetatens oppfølging av sykmeldte – Dokument 3:5 (2010–2011)	34
Riksrevisjonens undersøkning av årsaker til at statlege verksemder ikkje etterlever regelverket for offentlege anskaffingar – Dokument 3:6 (2010–2011)	38
Riksrevisjonens undersøkelse av spesialundervisningen i grunnskolen – Dokument 3:7 (2010–2011)	41
Riksrevisjonens undersøkelse av intern kontroll i forsvarssektoren – Dokument 3:9 (2010–2011)	44
Riksrevisjonens undersøkelse av vedlikehold og sikring av kirkebygg – Dokument 3:10 (2010–2011)	47





# **Oppfølging av Riksrevisjonens undersøking av korleis Miljøverndepartementet varetek det nasjonale ansvaret sitt for freda og verneverdige bygningar – Dokument 3:9 (2008–2009)**

---

## **1 Innleiing**

Målet med Riksrevisjonens undersøking var å vurdere i kva grad Miljøverndepartementet (noverande Klima- og miljødepartementet) tek hand om det nasjonale ansvaret for å sikre at freda og verneverdige bygningar blir tekne vare på slik at vi når dei nasjonale måla på området.

Dokument 3:9 (2008–2009) *Riksrevisjonens undersøking av korleis Miljøverndepartementet varetek det nasjonale ansvaret sitt for freda og verneverdige bygningar* blei sendt til Stortinget 21. april 2009. Komiteen leverte innstillinga si 1. desember 2009, jf. Innst. 71 S (2009–2010) som Stortinget behandla 7. desember 2009.

Riksrevisjonen følgde opp saka i Dokument 3:1 (2013–2014). Ved behandling av Dokument 3:1 (2013–2014), jf. Innst. 133 S (2013–2014), var kontroll- og konstitusjonskomiteen tilfreds med at Riksrevisjonen følgjer saka vidare. Komiteen viste her til Innst. 71 S (2009–2010), der komiteen var særleg uroleg for korleis det nasjonale ansvaret for freda og verneverdige bygningar blei teke hand om.

Komiteen meinte vidare at det var alvorleg at Miljøverndepartementet si manglande oppfølging av verneverdige bygningar gjorde det mindre sannsynleg at Stortingets ønske om å minimalisere tapet av verneverdige bygningar innan 2020 ville bli realisert.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen konstaterte i Innst. 133 S (2013–2014) at Miljøverndepartementet har arbeidd systematisk for å kunne nå målsetjinga for 2020. Blant anna er det utvikla mål- og rapporteringssystem, og det er initiert eit Kunnskapsløft for kulturminneforvaltning. Riksantikvaren har kartlagt kva som er freda, og kva som manglar. Det er også sett i gang eit arbeid med å kartleggje og registrere samiske bygningar. Komiteen var positiv til dette.

Samtidig registrerte komiteen at det ikkje er etablert eit rapporteringssystem for verneverdige bygningar, at fylkeskommunane i for liten grad har prioritert fredingsarbeid, og at det vil ta lang tid før målet om ordinært vedlikehaldsnivå på samiske freda bygningar er realisert.

Komiteen merka seg vidare at det framleis ikkje var avklart korleis ein skal forstå og bruke reglane i kulturminnelova om automatisk freda kulturminne, og at Riksrevisjonen meinte at departementet burde prioritere dette spørsmålet.

---

## **2 Oppfølging i Klima- og miljødepartementet**

Riksrevisjonen bad i brev av 11. april 2014 Klima- og miljødepartementet om å greie ut om status og om kva tiltak som er sette i verk, når det gjeld dei problemstillingane som blei tekne opp i Innst. 133 S (2013–2014). Klima- og miljødepartementet svarte i brev av 19. mai 2014. Vidare bad Riksrevisjonen i brev av 11. april 2014 Sametinget om å gjere greie for status og om kva tiltak som er sette i verk, når det gjeld dei

problemstillingane som blei tekne opp i Innst. 133 S (2013–2014) om samiske kulturminne. Sametinget svarte i brev av 4. juni 2014.

## 2.1 Dei tre nasjonale måla

### Tap av verneverdige bygningar

Klima- og miljødepartementet viser til at departementet i 2013 justerte budsjettstrukturen og gjekk gjennom mål og indikatorar for heile ansvarsområdet til departementet. Det nasjonale målet for verneverdige kulturminne er endra frå 2014, og supplert med seks nye indikatorar. Ifølgje departementet er hovudgrunnen for endringa at det per 2013 ikkje var mogleg å måle og rapportere tapet av verneverdige kulturminne på ein god og representativ måte før arbeidet med å registrere og utarbeide kulturminneplanar er kome betydeleg lenger.

Departementet opplyser vidare at basert på registreringane i kommunane skal kvar kommune innan 2020 prioritere eit utval kulturminne som skal takast vare på. Som eit anna delprosjekt under Kunnskapsløftet blir det etablert eit miljøovervåkingsprogram for verneverdige kulturminne. Programmet skal identifisere utviklinga og trusselbiletet for eit utval av verneverdige kulturminne og kulturmiljø i eit utval kommunar i heile landet basert på dette materialet. Arbeidet med å utvikle dette miljøovervåkingsprogrammet starta opp i 2013. Ifølgje Klima- og miljødepartementet er miljøovervåkingsprogrammet no utsett fordi utvalet av registrerte verneverdige kulturminne førebels ikkje er breitt nok til å gjennomføre eit godt og representativt overvåkingsprogram. Ny framdriftsplan skal ifølgje departementet utarbeidast i 2014.

### Ein representativ fredingsmasse

Ifølgje Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren og fylkeskommunane vinteren 2013–2014 gått gjennom og vurdert noverande fredingssaker. Fylkeskommunane blei i prioriteringsbrevet for 2014 bedne om å kome med ei tilråding innan utgangen av februar 2014 av kva saker som skal gjennomførast, avsluttast eller vernast i samsvar med plan- og bygningslova, av dei i alt 106 fredingssakene som er i gang. Riksantikvaren har vurdert tilrådingane frå fylkeskommunane og utarbeidd forslag til kva for fredingssaker – både dei som ligg hos fylkeskommunane og hos Riksantikvaren – som skal gjennomførast. Det er totalt 178 saker, og av desse er det førebels foreslått at 33 ikkje blir gjennomførte, 141 blir gjennomførte med vedtak, og at 4 saker er uavklarte.

Departementet opplyser vidare at fredingssaker som er under behandling hos Riksantikvaren skal ferdigstillast seinast første halvår 2015, medan fredingssaker som er under behandling hos fylkeskommunen, skal sendast over til Riksantikvaren for ferdigbehandling innan desember 2015.

Klima- og miljødepartementet viser dessutan til at departementet i åra etter behandlinga av St. meld. nr. 16 (2004–2005) har lagt vekt på at nye fredingar skal supplere, ikkje dublere, den eksisterande fredingslista. I ein omfattande prosess i 2012 gjekk alle fylkeskommunane gjennom fredingslista i fylket sitt. Med dette som bakgrunn har fylka sendt ei oversikt over kva kategoriar av kulturminne som er underrepresenterte i dei respektive fylka, vurdert ut frå historia, eigenarten og næringsgrunnlaget til fylka. Riksantikvaren har analysert, vurdert og prioritert materialet i 2013 og vinteren 2014. Direktoratet har ut frå dette utarbeidd ei *førebels* liste med ti foreslåtte hovudtema med undertema som skal få prioritet i fredingsarbeidet fram mot 2020. Endeleg liste blir send over til Klima- og miljødepartementet i august 2014.

Verneplanane knytte til Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE-prosjektet) skal etter planen vere ferdigstilte innan utgangen av 2014. Fleire departement har ikkje greidd å sende utkasta sine over til Riksantikvaren innan 1. mai 2013. Dette vil seie at prosjektet først blir ferdigstilt i 2015. Departementet opplyser at ved utgangen av 2013 er 77 eigedommar freda gjennom SKE-prosjektet, og av desse er 35 eigedommar freda i 2013.

#### **Ordinært vedlikehaldsnivå**

Klima- og miljødepartementet opplyser at 18 prosent av 2846 freda bygningar i privat eige i 2013 hadde behov for *store utbetringar* (tilstandsgrad 3), 41 prosent hadde behov for *moderate utbetringar* (tilstandsgrad 2) og 41 prosent hadde *ordinært vedlikehaldsnivå* (tilstandsgrad 1). Ifølgje Klima- og miljødepartementet er tala usikre sidan mange bygningar anten er registrerte med same tilstandsgraden i 2013 som i 2012, eller ikkje er oppdaterte frå 2012. Dette er også avhengig av om ein bygning er ferdigstilt, eller om han framleis blir sett i stand. Departementet viser til at Riksantikvaren inntil no har operert med eit anslag på rundt 50 prosent for bygningar med *ordinært vedlikehaldsnivå* (tilstandsgrad 1).

#### **2.2 Samiske freda bygningar**

I 2013 blei det halde to møte mellom Sametinget, Riksantikvaren og Klima- og miljødepartementet. Ifølgje Klima- og miljødepartementet er den gode dialogen om både registreringsprosjektet, bevaringsprogrammet for samiske kulturminne og ulike spørsmål knytte til definisjon og praktisering av reglane i kulturminnelova om automatisk fredingsgrense ført vidare. Det er semje om å halde fram diskusjonen rundt den automatiske fredingsgrensa i eit nytt møte som er planlagt etter sommaren 2014.

Bevaringsprogrammet for samiske kulturminne har som mål at automatisk freda samiske bygningar og tilstanden deira skal vere kartlagde innan 2017, og at det då skal liggje føre ein plan om sikring, vedlikehald og istandsetjing. Klima- og miljødepartementet viser til at så lenge kulturminneforvaltinga ikkje har oversikt over den samla bygningsmassen, er det vanskeleg å gjere eit representativt utval. Bevaringsprogrammet må derfor ta stilling til kva som skal bevarast etter kvart som ein får reelle erfaringar gjennom registreringa. Utvalskriteria for representativitet og verdi må tilsvarende utviklast etter kvart som forvaltninga får betre oversikt.

Ifølgje Klima- og miljødepartementet har Sametinget i 2012–2014 fått øyremerkte tilskotsmidlar til restaurering av freda bygningar gjennom Bevaringsprogrammet for samiske kulturminne. Riksantikvaren har innført retningslinjer og eit rapporteringssystem for midlane. I 2013 fekk 14 prosjekt tilsegn. Dei er spreidde over fylka Finnmark, Troms, Nordland og Nord- og Sør-Trøndelag, og omfattar fleire ulike bygningstypar. Tilskotet på 2 mill. kroner per år tilsvarar omtrent 20 prosjekt per år og har ein gjennomsnittleg kostnad på om lag 100 000 kroner per prosjekt.

Ifølgje Klima- og miljødepartementet viser den registrerte tilstandsgraden av bygningar i 2012–2013 at:

- 39 prosent har tilstandsgrad 1 (*ordinært vedlikehaldsnivå*)
- 31 prosent har tilstandsgrad 2 (*moderat utbetring nødvendig*)
- 28 prosent har tilstandsgrad 3 (*store utbetringar nødvendig*)

Sametinget opplyser at kulturminneforvaltinga er langt frå å nå målet om eit ordinært vedlikehaldsnivå på freda samiske bygningar innan 2020.

---

### 3 Riksrevisjonens vurdering

Riksrevisjonen registrerer at Klima- og miljødepartementet har endra det nasjonale målet for tap av verneverdige bygningar. Riksrevisjonen har samtidig merka seg at det framleis ikkje er etablert eit tilfredsstillande rapporteringssystem for målet for verneverdige bygningar, og at miljøovervakingsprogrammet som starta opp i 2013, er utsett.

Riksrevisjonen har merka seg at Klima- og miljødepartementet framleis ikkje har utarbeidd ei endeleg liste over kva fredingar som er nødvendige for å få eit representativt utval. Riksrevisjonen har vidare merka seg at Riksantikvaren og fylkeskommunane til saman har 141 saker i restanse. Desse sakene kjem i tillegg til dei fredingssakene som må gjennomførast for å få eit representativt utval.

Riksrevisjonen registrerer at den totale tilstanden til freda bygningar i privat eige er usikker. Tal frå Riksantikvarens kulturminnedatabase (Askeladden) viser at per 31. desember 2013 har 59 prosent av freda bygningar i privat eige ikkje eit ordinært vedlikehaldsnivå (*tilstandsgrad 1*), dvs. at det er behov for moderate og/eller store utbetringar.

Riksrevisjonen har merka seg det positive samarbeidet som er etablert med å identifisere og registrere samiske bygningar, og at departementet, Riksantikvaren og Sameetinget skal halde fram diskusjonen om den automatiske fredingsgrensa for samiske bygningar.

Riksrevisjonen har på den andre sida merka seg at det framleis ikkje er avklart korleis ein skal forstå reglane om automatisk freda kulturminne i kulturminnelova. Manglande avklaringar av reglane i kulturminnelova om automatisk freda kulturminne får konsekvensar for det arbeidet som er sett i gang med å kartleggje og registrere samiske bygningar, sidan det framleis ikkje er gitt ei endeleg avklaring på kva bygningar som er freda. Dette får igjen konsekvensar for kva bygningar som skal setjast i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå. Riksrevisjonen registrerer at ein er langt frå å nå målet om eit ordinært vedlikehaldsnivå på freda samiske bygningar innan 2020.

Riksrevisjonen vurderer det slik at Klima- og miljøverndepartementet har sett i verk fleire tiltak for å nå dei nasjonale måla for freda og verneverdige bygningar. Trass i dette meiner Riksrevisjonen at det er ein risiko for at Klima- og miljødepartementet ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at freda og verneverdige bygningar blir tekne vare på slik at vi når dei nasjonale måla på området innan 2020. Riksrevisjonen følgjer utviklinga på området og set eventuelt i gang ein ny forvaltingsrevisjon dersom det framleis er risiko for at måla i vedtaka og føresetnadene til Stortinget ikkje nås.

Saka er avslutta.

# Riksrevisjonens undersøkelse av Enova SFs drift og forvaltning – Dokument 3:6 (2009–2010)

---

## 1 Innleiing

Formålet med undersøkinga var å vurdere om Enova effektivt fremjar ei miljøvennleg omlegging av produksjon og forbruk av energi. Det blei gjort ved å analysere Enovas måloppnåing, tilskotsforvaltning og selskapsleiing og eigarstyringa til departementet.

Dokument 3:6 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse av Enova SFs drift og forvaltning* blei overlevert Stortinget 15. april 2010. Oppfølginga av undersøkinga er tidlegare rapportert i Dokument 3:1 (2013–2014) *Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjoner*, som blei sendt over til Stortinget 19. november 2013. Kontroll- og konstitusjonskomiteen leverte innstillinga si 25. februar 2014, jf. Innst. 133 S (2013–2014). Stortinget behandla saka 6. mars 2014.

Komiteen merka seg i innstillinga at mange av dei uheldige forholda som blei påpeikte ved førre behandling i Stortinget, no er under kontroll og fungerer tilfredsstillande. Komiteen meiner at departementet har styrkt oppfølginga på ein god måte. Det kontraktfesta energieresultatet var, slik Riksrevisjonen vurderer det i Dokument 3:1 (2013–2014), lågare enn det burde ha vore for å nå målet som er sett for perioden 2012–2015. På bakgrunn av dette stilte Riksrevisjonen spørsmål om Enova har dei nødvendige verkemidla for å oppfylle ambisjonane Stortinget har når det gjeld energiomlegging. Komiteen var samd med Riksrevisjonen og meinte at arbeidet med å gå gjennom verkemidla til Enova burde setjast i gang snarast.

---

## 2 Oppfølging i Olje- og energidepartementet

Riksrevisjonen bad Olje- og energidepartementet i brev av 2. april 2014 om å gjere greie for kva endringar og tiltak som er sette i verk for å følgje opp funna i kontrollen og merknadene frå komiteen. Departementet gav si utgreiing i brev av 30. april 2014.

Olje- og energidepartementet peiker i utgreiinga si på at Enova har fått oppgåva å forvalte midlane frå Energifondet gjennom avtalen mellom departementet og Enova SF. Gjeldande avtaleperiode går frå 1. januar 2012 til 31. desember 2015. Departementet styrer på eit overordna nivå, hovudsakleg gjennom å fastsetje mål og kriterium for resultatrapportering. Måla er formulerte gjennom formålet med Energifondet, og gjennom hovudmål og resultatmål. Hovudmåla peiker ut dei områda der Enova skal ha aktivitet.

I inneverande avtaleperiode har Enova forplikta seg til å nå eit resultatmål på minimum 6,25 TWh/år. Resultatet skal vere kontraktfesta eller realisert og korrigert for kanselleringar av prosjekt som blei kontraktfesta i avtaleperioden. Ifølgje departementet er målet ambisiøst, men realistisk. Det skal gi rom for å utvikle verkemiddel som i tillegg til kortsiktige, målbare resultat endrar marknaden på lang sikt. Nivået på resultatmålet i avtalen er sett med den føresetnaden at det ikkje kjem nye verkemiddel utanfor Enova som i vesentleg grad svekkjer prosjekttilgangen, at det er god kapitaltilgang i marknaden, stabil investeringstakt i fastlandsindustri og bygg, og at ikkje er vesentlege endringar i energiprisar og renter samanlikna med nivået i dag. Avvik skal utløyse rapportering til departementet og ein dialog om utviklinga i marknaden og nødvendige priori-

teringar. Enova opplyser i resultat- og aktivitetsrapporten sin for 2013 at det er nødvendig med vekst i energieresultata i 2014 og 2015 for å levere på resultatmålet.<sup>1</sup>

Enova rapporterer resultatene sine til departementet i tråd med krava i avtalen. Rapporteringa omfattar mellom anna status for kvart hovudmål, energieresultat knytt til gjeldande talfesta resultatmål, omfang av kanselleringar og energi- og klimaresultat som følgjer av aktivitetane til Enova. Resultata blir gjorde kjende for Stortinget gjennom den årlege budsjettproposisjonen frå departementet. Denne inneheld også informasjon om energieresultat frå tidlegare avtaleperiodar, korrigert for sluttrapportering og kanselleringar.

Departementet legg til grunn at ein viss del av prosjekta blir kansellerte. Departementet understrekar at støtte ikkje blir betalt ut før prosjektet er sett i gang, slik at Enova ikkje taper pengar på kanselleringane, men at midlane kan brukast til å utløyse andre prosjekt. Erfaringar knytte til kansellering av prosjekt har gjort at Enova over tid har tilpassa kontraktsvilkår og oppfølging av prosjekta. Selskapet kan i liten grad hindre at prosjekt blir kansellerte, men kan påverke at avklaringar og vedtak skjer innan rimeleg tid. Enova følgjer samtidig tett opp prosjekta for å sikre at vedteken støtte blir omsett i gjennomført prosjekt. Departementet presiserer at kanselleringar etter 2015 ikkje får nokon innverknad på måloppnåinga til Enova i inneverande periode.

Ifølgje departementet er det opp til Enova å forvalte midlane innanfor rammene til Energifondet og avtalen, men utforminga av program og støttetildeling til enkeltprosjekt må også vere innanfor ramma av statsstøtteregelverket.<sup>2</sup> Enova har dei siste åra overført ein stor – og aukande – del av dei disponible midlane sine til året etter. Departementet peiker på at ei overføring av midlar mellom år og låg prosjekttilgang i ein gitt periode ikkje nødvendigvis inneber at Enova ikkje klarer å bruke dei midlane som er sette av for avtaleperioden, eller at Enova ikkje når resultatmålet for avtalen. Dersom Enova skal ha høve til å gi støtte til gode prosjekt etter kvart som dei blir tilgjengelege, er det viktig med ein stor grad av budsjettfleksibilitet.

Departementet opplyser at regjeringa legg opp til å gå gjennom den rolla Enova har, for å målrette arbeidet betre. Det blir også vist til punkt 20 i avtalen, der det er lagt opp til å evaluere korleis Enova forvaltar midlane frå Energifondet, og måten Enova organiserer heile verksemda på, i løpet av 2014. Resultata frå dette skal takast inn i arbeidet med ein ny avtale mellom departementet og Enova i 2015.

---

### 3 Riksrevisjonens vurdering

Riksrevisjonen har merka seg at departementet følgjer opp Enova på eit overordna nivå, og at resultatene av arbeidet og aktivitetane til Enova blir rapporterte til Stortinget i den årlege budsjettproposisjonen. Riksrevisjonen legg til grunn at Stortinget gjennom dette får eit godt grunnlag for å følgje opp at arbeidet og resultatene til selskapet, blant anna realisering av energieresultat, er i tråd med Stortingets vedtak og føresetnader.

Riksrevisjonen har vidare merka seg at departementet legg opp til å evaluere Enovas rolle, forvaltning og verksemdsorganisering i inneverande år. Riksrevisjonen følgjer utviklinga i selskapet gjennom den årlege selskapskontrollen.

Saka er avslutta.

1) Enovas resultat- og aktivitetsrapport 2013, side 38.

2) Jf. statsstøtteregelverket og ESAs vedtak 248/11/ COL, 18. juli 2011.

# **Riksrevisjonens undersøkelse om oppfølging av og kvalitet i private institusjoner innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige – Dokument 3:7 (2009–2010)**

---

## **1 Innleiing**

Formålet med Riksrevisjonens undersøking var å vurdere om Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka har etablert eit tenleg system for å følgje opp tilbodet ved private institusjonar innanfor tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB). Formålet var også å vurdere om det avtalefesta private institusjonstilbodet sørgjer for at krava til kvalitet i internkontrollen og kravet om utarbeiding av individuell plan blir tekne hand om.

Dokument 3:7 (2009–2010) *Riksrevisjonens undersøkelse om oppfølging av og kvalitet i private institusjoner innen tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengige* blei sendt til Stortinget 29. april 2010. Kontroll- og konstitusjonskomiteen gav instillinga si 25. mai 2010, jf. Innst. 266 S (2009–2010). Stortinget behandla saka 15. juni 2010.

Oppfølginga av Dokument. 3:7 (2009–2010) blei rapportert til Stortinget i Dokument 3:1 (2013–2014) *Riksrevisjonens oppfølging av forvaltningsrevisjoner som er behandlet av Stortinget*. Kontroll- og konstitusjonskomiteen gav innstillinga si 25. februar 2014, jf. Innst. 133 S (2013–2014). Stortinget behandla saka 6. mars 2014.

Komiteen viste i Innst. 133 S (2013–2014) til svaret frå Helse- og omsorgsdepartementet der departementet opplyser at det arbeider med å oppfylle krava og merknadene som Stortinget kom med i førre runden, både når det gjeld faglege retningslinjer, oppfølging av internkontroll og ettervern. Komiteen var nøgd med at det var teke fleire initiativ for å styrkje systemet for oppfølging av den tverrfaglege spesialiserte behandlinga av rusmiddelavhengige i private institusjonar, men merka seg – slik Riksrevisjonen har gjort – at dei fleste tiltaka var i startfasen.

Komiteen understreka også at anbodssystemet ikkje var presist nok, og at langsiktige avtalar med krav til kvalitet bør vere målet i framtida. Vidare meinte komiteen at ettervern er svært avhengig av eit godt kommunalt tilbod, der bustadtilbod og arbeidstilbod i dag er sentrale manglar.

Komiteen var samd med Riksrevisjonen i at det var for tidleg å seie om tiltaka har tilstrekkeleg verknad, og var nøgd med at Riksrevisjonen ville følgje saka vidare.

---

## **2 Oppfølging i Helse- og omsorgsdepartementet**

Riksrevisjonen bad departementet i brev av 10. april 2014 om å gjere greie for statusen på tiltak som var sette i verk for å følgje opp merknadene frå kontroll- og konstitusjonskomiteen. Departementet gav sitt svar i brev av 3. juli 2014.

### **2.1 Faglege retningslinjer og rettleiarar for TSB**

Departementet opplyser at Helsedirektoratet har gitt ut fleire nasjonale retningslinjer og rettleiarar for både kommunale og statlege tenester på rusfeltet, og dei er bygde på tilgjengeleg kunnskap og erfaring. Departementet opplyser at arbeidet med dei nasjo-

nale retningslinjene for alle delar av TSB blir slutført i 2015. Retningslinjene er baserte på tilgjengeleg kunnskap, dokumentasjon og beste praksis, og gir tilrådingar om behandlingmetodar på dette grunnlaget.

## **2.2 Styringsinformasjon**

Departementet viser til at det er i dialog med Helsedirektoratet om tenleg styringsinformasjon innanfor TSB. Dei første kvalitetsindikatorane innanfor TSB blei innførte frå 2014. Desse indikatorane måler forhold rundt ventetid, epikrisetid og om pasienten har fått stilt hovuddiagnose etter at behandlinga er ferdig.<sup>1</sup> I tillegg er eit nasjonalt kvalitetsregister under utarbeiding ved Regionalt kompetansesenter for rusmiddel-forskning i Helse Vest (KORFOR).

## **2.3 Oppfølging av system for internkontroll i føretaka**

Departementet opplyser at både Helse Sør-Øst og Helse Nord nyleg har gjennomført omfattande innkjøpsprosessar innanfor TSB, og at Helse Vest er i gang med innkjøp innanfor TSB. Felles for desse er at dei krev at alle tilbydarane må dokumentere at dei har eit system som tilfredsstiller krava i forskrift om internkontrollsystem i sosial- og helsetenesta. Departementet viser vidare til ulike tiltak som dei regionale helseføretaka har sett i verk for å følgje opp at internkontrollsystemet blir følgt. Departementet opplyser blant anna at alle dei fire regionale helseføretaka har jamlege oppfølgingsmøte med dei private tilbydarane der internkontrollsystema også blir tekne opp.

## **2.4 Samhandling mellom kommunar og institusjonar i planlegginga av ettervernet**

Departementet trekkjer fram at alle dei fire regionale helseføretaka har lagt inn krav om at det skal vere samarbeid mellom private avtalepartar og spesialist- og primærhelsetenesta. Alle dei fire regionale helseføretaka er opptekne av å skape samanhengjande pasientforløp ved at alle partane skal vere kjende med arbeidet dei andre gjer, og at planlegginga av ettervernet skal starte tidleg i behandlingsforløpet. Som ein del av samhandlingsreforma har alle helseføretaka inngått samarbeidsavtalar med kommunane.

## **2.5 Tilbod om individuell plan**

Departementet opplyser ikkje om korleis delen pasientar innanfor TSB som får utarbeidd individuell plan, har utvikla seg, eller om kva tiltak som er sette i verk for at desse planane skal oppfylle krava til innhald. Departementet viser derimot til ein nyleg publisert rapport frå SINTEF der det går fram at om lag to tredelar av pasientane i døgninstitusjonar innanfor TSB hadde individuell plan, eller at individuell plan var i ferd med å bli utarbeidd.

---

## **3 Riksrevisjonens vurdering**

Riksrevisjonen meiner det er teke fleire initiativ for å styrkje systemet for å følgje opp den tverrfagleg spesialiserte behandlinga av rusmiddelavhengige personar i private institusjonar. Særleg merkar Riksrevisjonen seg at Helsedirektoratet gjennom første halvdel av 2015 vil ha fullført alle dei planlagde nasjonale retningslinjene innanfor TSB. Desse vil tilrå behandlingmetodar baserte på tilgjengeleg kunnskap.

Riksrevisjonen ser positivt på at dei første kvalitetsindikatorane innanfor TSB er innført i 2014, og at departementet er i dialog med Helsedirektoratet om kva som er tenleg styringsinformasjon innanfor TSB. Dette er viktig for at departementet på ein betre måte kan vurdere resultat og kvalitet i spesialisthelsetenesta når det gjeld TSB.

1) Helsedirektoratet, oversikt over kvalitetsindikatorar



Riksrevisjonen merkar seg at dei regionale helseføretaka ved avtalar om kjøp av tenester frå private tilbydarar innanfor TSB krev at alle tilbydarane må dokumentere at dei har eit internkontrollsystem som tilfredsstillar krava i forskrift om internkontrollsystem i sosial- og helsetenesta.

Riksrevisjonen peiker på kor viktig det er at pasientar innanfor TSB får utarbeidd ein individuell plan. For ei behandling som omfattar fleire aktørar på ulike nivå i helsevesenet, kan ein individuell plan som gjer greie for oppfølgingstiltaka etter at opphaldet ved institusjonen er slutt, og kven som er ansvarlege, vere avgjerande for om pasienten får ei heilskapleg oppfølging.

Riksrevisjonen peiker på at nytteverdien av behandlinga kan gå tapt dersom ikkje spesialisthelsetenesta i samarbeid med kommunane klarer å leggje til rette for ei samanhengande teneste. Riksrevisjonen føreset at samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta gjer sitt til dette.

Det må forventast at desse pasientane får ei betre oppfølging ved at det blir innført nasjonale retningslinjer og kvalitetsindikatorar når det gjeld TSB, ei betre oppfølging av internkontrollen i dei private institusjonane og eit betre samarbeid mellom private tilbydarar, helseføretaka og kommunane.

Riksrevisjonen følgjer opp utviklinga i arbeidet i den årlege kontrollen.

Saka er avslutta.

# **Oppfølging av Riksrevisjonens undersøkelse om strålingssikkerhet og beskyttelse av miljøet mot forurensing fra radioaktive kilder i Nordvest-Russland – Dokument 3:9 (2009–2010) og Dokument 3:5 (2011–2012)**

---

## **1 Innleiing**

Målet med undersøkinga var å vurdere det arbeidet norske og russiske styresmakter har gjort for å verne befolkninga og miljøet mot radioaktiv stråling og forureining. Tema for undersøkinga var:

- norsk støtte for å auke tryggleiken ved Kola kjernekraftverk
- norskfinansierte tiltak for å handtere og lagre brukt kjernebrensel og radioaktivt avfall
- atomberedskapssamarbeidet mellom norske og russiske beredskapsorgan
- overvaking av radioaktiv forureining i miljøet
- Utanriksdepartementets oppfølging og kontroll med norske tilskotsmidlar

Undersøkinga blei gjennomført som ein parallellrevisjon med riksrevisjonen til Den russiske føderasjonen. Partane utarbeidde eit felles memorandum med resultat frå undersøkingane til dei respektive riksrevisjonane og felles vurderingar.

Dokument 3:9 (2009–2010) Riksrevisjonens undersøkelse om strålingssikkerhet og beskyttelse av miljøet mot forurensing fra radioaktive kilder i Nordvest-Russland blei sendt til Stortinget 11. mai 2010. Kontroll- og konstitusjonskomiteen leverte innstillinga si 16. november 2010, jf. Innst. 75 S (2010–2011), og Stortinget behandla saka 30. november 2011.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen framheva i Innst. 75 S. (2010–2011) at dei var nøgde med at tryggleiken på Kola kjernekraftverk var forbetra, og med at tilsyn og kontroll av verksemda var endra i positiv retning i perioden 1993–2009. Komiteen viste også til at norske tiltak for trygg handtering og lagring av brukt kjernebrensel og radioaktivt avfall har verka, og at måla for dei norskfinansierte prosjekta i all hovudsak er nådde. I samband med dette var komiteen nøgd med at samarbeidet mellom Statens strålevern og russiske tilsynsorgan har ført til at forskrifter som er relaterte til strålevern, tryggleik og miljøaspekt, er implementerte i det russiske systemet.

Komiteen merka seg at borttransportering av det brukte brenselet og farlege avfallet frå Andrejevbukta kan medføre ein auka risiko for radioaktiv forureining. I tillegg merka dei seg at spørsmålet om langtidslagring av avfallet framleis var uavklart. Komiteen var nøgd med at dette spørsmålet blir følgt opp i den norsk-russiske atomkommisjonen. Vidare merka komiteen seg at Utanriksdepartementet i samarbeid med britiske styresmakter skulle evaluere samarbeidet om opphogging av reaktordrivne ubåtar.

Komiteen var nøgd med at departementet og prosjektleiarane er medvitne om korrupsjonsrisikoen i Russland, og at departementet frå 2008 har teke inn eit nytt avsnitt i tilskotsbrevet frå departementet som dei meiner vil bidra til å motverke korrupsjon og regelbrot. Komiteen var også nøgd med at Utanriksdepartementet hadde utarbeidd eit eige regelverk der risikovurderingar og tiltak for å motverke korrupsjon var med, i samband med gjennomgangen av tilskotsforvaltninga i departementet.

Komiteen var samd i at overvaking av og beredskap mot radioaktiv forureining er svært viktig, og komiteen merka seg at Utanriksdepartementet følgjer opp merkna-  
dene frå Riksrevisjonen i arbeidet sitt med å heve kvaliteten på atomtryggleikssamar-  
beidet med Russland.

På bakgrunn av den svake kontrollen med midlane som Riksrevisjonens Dokument 3:9 (2009–2010) påviste, førte den norske og den russiske riksrevisjonen vidare sam-  
arbeidet med å revidere økonomistyringa i utvalde prosjekt innanfor atomtryggleiks-  
samarbeidet i Nordvest-Russland. Dokument 3:5 (2011–2012) Riksrevisjonens opp-  
følging av parallellrevisjon med den russiske riksrevisjonen om strålingssikkerhet og  
beskyttelse av miljøet mot forurensing fra radioaktive kilder i Nordvest-Russland blei  
sendt til Stortinget 6. desember 2011. Kontroll- og konstitusjonskomiteen leverte inn-  
stillinga si 14. februar 2012, jf. Innst. 183 S (2011–2012). Stortinget behandla saka  
26. mars 2012.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen peikte i innstillinga si på at det framleis var veik-  
skapar ved Utanriksdepartementets internkontroll og styring av dei midlane som er  
gått til Nordvest-Russland. Komiteen understreka i samband med dette kor viktig det  
var at Utanriksdepartementet følgjer opp system og rutinar for tilskotsforvaltning og  
føreset at departementet rettar opp dei veikskapane som Riksrevisjonen peiker på.  
Komiteen slutta seg også til at det er avgjerande at departementet følgjer opp at  
norske prosjektleiarar innrettar verksemda si slik at dei motverkar korrupsjon, regel-  
brot og misbruk av midlar.

---

## 2 Oppfølging i Utanriksdepartementet

Riksrevisjonen bad i brev av 17. januar 2013 Utanriksdepartementet om å gjere greie  
for kva endringar og tiltak som er sette i verk etter at Stortinget behandla Dokument  
3:9 (2009–2010) og Dokument 3:5 (2011–2012). Utanriksdepartementet svarte i brev  
15. februar 2013. Statens strålevern er også intervjuet for å utdjupe dei ulike temaa i  
undersøkinga.

Oppfølginga av undersøkinga er gjort i samarbeid med den russiske riksrevisjonen.  
Den norske og den russiske riksrevisjonen har gjennomført felles intervju med rus-  
siske organ som har ansvaret for atomtryggleikssamarbeidet med norske styresmakter.  
Memorandum med resultat frå dei respektive undersøkingane til partane og felles  
vurderingar følgjer i vedlegg.

### 2.1 Norsk støtte for å auke tryggleiken ved Kola kjernekraftverk

Som eit resultat av undersøkinga til Riksrevisjonen evaluerte Statens strålevern  
hausten 2010 status for tryggleikssituasjonen ved Kola kjernekraftverk og korleis  
norske tiltak har medverka til å auke tryggleiken. Prosjekta er vurderte til å ha med-  
verka positivt til å gjere det mindre sannsynleg at det skal skje ulykker og hendingar  
som vik frå normaldrift, ved Kola kjernekraftverk. Samtidig viser evalueringa at det  
er metodisk vanskeleg å kvantifisere kor mykje norske tiltak har medverka til å auke  
tryggleiken ved kjernekraftverket. Ifølgje Utanriksdepartementet blir evalueringsrap-  
porten nytta som bakgrunnsmateriale når nye tiltak blir vurderte ved kjernekraftver-  
ket. Departementet viser elles til at Statens strålevern kontinuerleg følgjer opp dei  
norskfinansierte tryggleikssprosjekta ved Kola kjernekraftverk, i nært samarbeid med  
svenske og finske strålevernsorgan.

Leiinga ved Kola kjernekraftverk opplyser i intervju at Kola kjernekraftverk produse-  
rer 60 prosent av elektrisiteten på Kolahalvøya. Kraftverket har fire reaktorar med

driftslisensar som er i ferd med å gå ut. Kraftverket kan søkje det russiske tilsynsorganet Rosteknadzor, som har ansvaret for å kontrollere og halde tilsyn med strålingstryggleiken ved Kola kjernekraftverk, om å få forlengje drifta. Rosteknadzor har innvilga ei forlenging av driftslisensen til to av reaktorane med 15 år. Rosteknadzor opplyser vidare at lova ikkje set grenser for kor mange gonger det er mogleg å søkje om å få forlengja drifta av reaktorar, og at godkjenninga deira av ein eventuell søknad for dei to andre er avhengig av ei totalvurdering av tryggleiken ved verket.

Utanriksdepartementet meiner at dei designmessige veikskapane ved Kola kjernekraftverk og Leningrad kjernekraftverk tilseier at reaktorane bør stengjast. Ifølgje Statens strålevern legg norske styresmakter vekt på dette i dialogen sin med russiske styresmakter. Leiinga ved Kola kjernekraftverk har ifølgje strålevernet tidlegare signalisert at ho har planar om å avvikle drifta av dei to eldste reaktorane (reaktor 1 og 2) når lisensane går ut i 2018 og 2019. Dette kjem også fram av protokollane frå atomkommisjonsmøta i 2010 og 2011.

Utanriksdepartementet opplyser derimot at det ikkje er endeleg avgjort på russisk side om dei to reaktorane skal avviklast og rivast. Rosenergoatom, som eigar alle kjernekraftverka i Russland, har opplyst overfor departementet at det er sett i gang eit forprosjekt for å forlengje driftstida til dei to eldste reaktorane ved kraftverket. Det er aktuelt å søkje om å få forlengje drifta med ytterlegare 15 år. Løyve til framleis drift blir i mange tilfelle gitt ut frå eit dokumentert tryggleiksnivå. Norske styresmakter har fått opplyst at det ligg føre planar om å avvikle og rive Leningrad kjernekraftverk.

Ifølgje leiinga ved Kola kjernekraftverk skal ei internasjonal ekspertgruppe frå det internasjonale atomenergibyrådet IAEA inspisere den operasjonelle tryggleiken ved kjernekraftverket og gå gjennom korleis leiinga og dei tilsette tek hand om tryggleikskrava. Inspeksjonen er planlagt november 2014. Det var ein slik inspeksjon som gav grunnlaget for det internasjonale tryggleikssamarbeidet som blei sett i gang ved kraftverket i 1995.

I Memorandum om resultatene av parallellrevisjonen om strålingssikkerhet og beskyttelse av miljøet mot radioaktiv forurensning framhevar både den norske og den russiske riksrevisjonen det som positivt at leiinga ved Kola kjernekraftverk har byrja å førebu IAEAs planlagde inspeksjon av driftstryggleiken ved kjernekraftverket, (jf. vedlegg).

Utanriksdepartementet opplyser at russiske styresmakter har planar om å frakte eit flytande atomkraftverk, med to installerte reaktorar, frå St. Petersburg, langs norskekysten og i retning den nordlege sjørute. Endeleg destinasjon for dette kjernekraftverket er Tsjukotka-halvøya aust på nordkysten av Sibir. Dette er den første prototypen på flytende kjernekraftverk. Russiske styresmakter har nyleg gjort avtale med kinesiske styresmakter om å byggje ytterlegare eitt flytande kjernekraftverk.

Utanriksdepartementet opplyser vidare at den russiske flåten for nukleære isbrytarar, Rosatomflot, som består av seks atomdrivne isbrytarar, planlegg å utvide flåten med ytterlegare to nukleære isbrytarar dei neste åra. I tillegg blir det bygt ein prototype av ein ny stor isbrytar som skal leverast til Murmansk hamn i 2017. Denne prototypen blir den største isbrytaren i verda.

## **2.2 Norsk støtte til handtering og lagring av radioaktivt avfall i Nordvest-Russland**

Eit av hovudmåla med innsatsen i Nordvest-Russland har vore å medverke til trygg handtering og lagring av brukt kjernebrensel og radioaktivt avfall. Dei norske tiltaka har vore oppryddingsarbeid i Andrejevbukta, opphogging av utrangerte reaktordrivne

ubåtar, utskifting av radioaktive batteri i fyrlyktene langs Kolahalvøya og styrking av det russiske regelverket og tilsynsapparatet.

### **2.2.1 Status for arbeidet med å fjerne brukt brensel og radioaktivt avfall frå Andrejevbukta**

Utanriksdepartementet opplyser i brev at hovudmålet til departementet for innsatsen vidare i Andrejevbukta er å sikre at det brukte brenselet blir transportert til sluttbehandling eller langtidslagring på ein trygg måte.

Det statlege atomenergiselskapet i Russland, Rosatom, opplyser i intervju at arbeidet med å bygge infrastruktur for å handtere det brukte kjernebrenselet og det radioaktive avfallet blir ferdigstilt i 2015. Då startar transporteringa av det brukte kjernebrenselet med spesialtog til gjenvinningsanlegget Majak opp. Dette arbeidet skal vere ferdig i 2020. I 2013 starta arbeidet med å transportere 28 000 kubikkmeter med radioaktivt avfall til Saidabukta. Denne fasen går fram til 2025. Då er alt arbeidet i Andrejevbukta ferdigstilt. Utanriksdepartementet held fram med å støtte dette arbeidet med Fylkesmannen i Finnmark som prosjektleiar.

Risikoen for miljøet og tryggleiken aukar når det radioaktive avfallet og det brukte brenselet blir transportert. Departementet opplyser at norske styresmakter har sett som eit klart vilkår for økonomiske bidrag til prosjekt at det skal utarbeidast ein uavhengig risiko- og miljøkonsekvensanalyse dersom det er risiko for at prosjekta kan føre til radioaktiv forureining.

Kystverket i Troms og Finnmark har saman med russiske navigasjonsorgan analysert seglingsforholda frå Andrejevbukta til verftet Rosatomflot i Murmansk. Gjennom analysen er det identifisert fleire tiltak for å utbetre seglingsforholda, og ei detaljert projektskildring av tiltaka skal ifølgje Utanriksdepartementet utarbeidast. Etter departementet si meining ville det ha utgjort ein endå større risiko på lengre sikt ikkje å gjennomføre oppryddingstiltaka enn den risikoen som oppstår når det radioaktive avfallet og det brukte brenselet blir transportert.

*I Memorandum om resultatene av parallellrevisjonen om strålingssikkerhet og beskyttelse av miljøet mot radioaktiv forurensning* viser den norske og den russiske riksrevisjonen til at dei er nøgde med at norske og russiske styresmakter stiller strenge krav om risiko- og miljøkonsekvensanalysar i forkant av alle norskfinansierte prosjekter med risiko for radioaktiv forureining.

### **2.2.2 Opphogging av reaktordrivne ubåtar**

Utanriksdepartementet opplyser at dei norske tiltaka for å hogge opp fire utrangerte reaktordrivne ubåtar blei evaluert hausten 2011. Evalueringa konkluderte med at opphoggingsprosjekta var gjennomførte i tråd med planar og budsjett utan alvorlege hendingar som kunne ha ført til ukontrollert utslepp til miljøet. Ein veikskap som blei påpeikt, var at manglande informasjon om tilhøva ved anlegget i Majak gjorde det vanskeleg å fullt ut kunne vurdere tilhøva etter at brenselet er kome til anlegget. Departementet informerer elles om at Statens strålevern har gjennomført ei synfaring ved Majak-anlegget som ein del av sluttbehandlinga av radioaktive kjelder frå radioisotopiske termoelektriske generatorar (RTG-ar). Utanriksdepartementet peiker samtidig på at den norske støtta har ført til at radioaktivt avfall er flytta til eit inngangskontrollert anlegg, og at avfallet dermed har kome inn under kontroll frå styresmaktene.

Det statlege atomenergiselskapet i Russland, Rosatom, opplyser at det i 2009 var eit problem at ein del av reaktorblokkene som hadde lege i vatn i over ti år, langsamt

hadde teke til å søkke. Dette problemet er ifølgje Rosatom løyst. Kaianlegget er reparert og gir høve til sikker lagring av alle reaktorblokker med tre kammer. Statens strålevern opplyser at somme 3-seksjonsreaktorar framleis er lagra i sjøen ved Nerpa verft og i Saidabukta, men at russiske styresmakter har laga anlegg for å handtere dette. Reaktorseksjonane frå dei norskfinansierte ubåttopphoggingsprosjekta er lagra på land i anlegget i Saidabukta. Det er usikkert kva slags radioaktivt avfall som blei fylt opp i ubåtseksjonane som ligg i Saida. Truleg inneheld seksjonane som er lagra på land i Saida, radioaktivt avfall i varierende grad. Det ligg derimot ikkje brukt kjernebrensel der, noko som er det viktigaste frå norsk side. Strålevernet vurderer Saida-anlegget som trygt og reknar ikkje desse seksjonane som nokon tryggleiks-trussel for Noreg.

### **2.3 Atomberedskap og varslingsrutinar**

Den bilaterale avtalen mellom Noreg og Russland om tidleg varsling av atomulykker og utveksling av informasjon om atomanlegg blei underskriven i 1993. Utanriksdepartementet opplyser at Statens strålevern har samarbeidd med det statlege atomenergiskapet i Russland, Rosatom, for å etablere detaljerte prosedyrar under avtalen.

Det har vore eit krevjande arbeid å avtale gode prosedyrar innanfor ramma av varslingsavtalen. Kjernen i problemet ligg i koordineringa mellom russiske styresmakter. Statens strålevern opplyser at Rosatom ikkje har heile ansvarsområdet og må samarbeide med forsvaret for å etablere varslingsprosedyrar som den norske og den russiske parten er nøgde med. Andre utfordringar har vore å bli samde om kor alvorlege hendingane skal vere før dei blir varsla, og tidspunktet for varslinga.

Arbeidet med å utarbeide prosedyrane fekk auka prioritet i byrjinga av 2012. Utfordringa med å bli samde om varslingsprosedyrar har vore løfta opp på politisk hald både i Noreg og i Russland. Eit felles utkast til varslingsavtale var til behandling hos Utanriksdepartementet mai 2014. Den russiske regjeringa må ifølgje Utanriksdepartementet behandle prosedyrane før det formelt endeleg er semje om dei.

### **2.4 Miljøovervakingssamarbeidet mellom Noreg og Russland**

Utanriksdepartementet opplyser at Statens strålevern fører vidare det etablerte felles bilaterale programmet for overvaking av marint miljø. Russiske styresmakter rapporterer årleg resultat av målingar av radioaktiviteten i blant anna sjøvatn, sediment og biota frå to stasjonar i russisk del av Barentshavet og frå ein kyststasjon ved Murmanskfjorden.

Departementet opplyser vidare at det blei gjennomført eit norsk-russisk forskingstokt til område i Karahavet med dumpa brukt kjernebrensel og radioaktivt avfall seinsommaren 2012. I dette området ligg tre atomdrivne ubåtar med brensel, ein ubåtreaktor med brensel, fem reaktorseksjonar frå atomubåtar og isbrytarar, 19 skip lasta med radioaktivt avfall og skjermingsselement og atombrensel frå atomisbrytaren Lenin. Dette kjem i tillegg til flytande avfall. Det hadde ikkje vore gjennomført felles forskingstokt til dette området sidan perioden 1993–1994.

Toktet i 2012 blei gjennomført i områda i Stepovogofjorden på austkysten av Novaja Semlja. Statens strålevern opplyser at prøvene som blei tekne, er analyserte både i Noreg og i Russland, og av det internasjonale atomenergibyrådet IAEA, og at resultatane kan samanliknast. Det blei ikkje påvist nokon auke i det radioaktive forureininga i Stepovogofjorden samanlikna med tidlegare tokte.

Samtidig er det retta mykje internasjonal merksemd mot dette toktet, særleg knytt til ubåten K-27 og konteinrarar med radioaktivt avfall som ligg på 30 meters djup i fjorden. Resultata frå toktet som blei gjennomført i 2012, viser at strålingsverdiene ikkje har auka som resultat av lekkasje frå radioaktivt avfall i området, og det er heller ingen indikasjon på lekkasje frå fartøyet. På det norsk-russiske atomkommisjonsmøtet i 2013 blei norske og russiske styresmakter samde om å gjennomføre ein risiko- og konsekvensanalyse ved ei eventuell heving av ubåten. Risiko- og miljøkonsekvensanalysen er gjennomført, men det ligg ikkje føre konkrete planar på russisk side om å heve ubåten.

Strålevernet opplyser at ubåt K-159, som sokk under slep utanfor Murmansk, også utgjer ein trussel for miljøet. Norske styresmakter presiserte på atomkommisjonsmøtet i 2013 at Noreg er innstilt på å halde fram samarbeidet på dette området, og foreslo å gjennomføre eit nytt fellestokt i 2014.

Statens strålevern opplyser at russiske styresmakter arbeider med rehabiliteringsplanar for Barentshavet og Karahavet og vurderer i samband med dette om det dumpa materialet skal hentast opp. Dette blir følgt nøye frå norsk side, særleg for å vurdere behovet for beredskap når materialet blir flytta.

Strålevernet samarbeider med det russiske tilsynsorganet innanfor helse og miljø, FMBA, om å ta prøver i området rundt Andrejevbukta. Strålevernet opplyser at for å sikre at analysemetoden kan etterprøvast, skulle dei sjølve hatt tilgang til å analysere prøvene. Forskingsinstituttet Akvaplan-niva fekk i perioden 2013–2014 tilskot til å undersøkje radioaktivitetsnivået i fjordområde i nærleiken av Andrejevbukta. Dei samarbeidde med dei russiske forskingsinstitutta Murmansk Marine Biological Institute og Kola Science Centre RAS (MMBI) i dette prosjektet.

Utanriksdepartementet opplyser at Strålevernet har etablert eit godt samarbeid om miljøovervaking med det russiske førerale instituttet innanfor hydrometeorologi og miljøovervaking, Roshydromet, i Murmansk. I samband med kjernekraftulykka i Fukushima blei luftfilterdata utveksla og målingar samanlikna.

## **2.5 Oppfølging og kontroll av tilskot frå handlingsplanen for atomsaker i Utanriksdepartementet**

I 2012 blei ansvaret for å forvalte hovuddelen av tilskotsmidlane over atomhandlingsplanen delegert til Statens strålevern.

Statens strålevern opplyser at det har etablert eit system for tilskotsforvaltninga, til dette høyrer rutinar, rettleiingsdokument til søkjarar, og ulike skjemamalar er utvikla. Eit nytt krav er at den årlege rapporteringa frå den norske tilskotsmottakaren også skal inkludere revisorgodkjende rekneskapar. Strålevernet understrekar at det er eit vilkår for å få tilskot at tilskotsmottakaren har gode system for internkontroll. Utanriksdepartementet har førebels vurdert det slik at Statens strålevern har opparbeidd gode system for internkontroll og rutinar for å sikre mest mogleg effektiv utnytting av midlane.

Strålevernet opplyser at dei både gjennom tildelingsbrev og i dialog med norske tilskotsmottakarar er svært tydelege på at norske reglar for anbodsutlysning skal følgjast. Det blir samtidig opplyst at dei ikkje har kontrollert om dette kjem eksplisitt fram i kontraktane mellom tilskotsmottakarane på norsk side og dei russiske avtalepartnarane deira. Ein slik klausul i avtalen vil, ifølgje Strålevernet, blant anna kunne gi norsk prosjektleiar høve til å sanksjonere dersom oppdraga ikkje blir utlyste.

Strålevernet opplyser vidare at det etter at Stortinget behandla Dokument 3:5 (2011–2012), er tilsett ein ny medarbeidar på økonomistyring og ein medarbeidar med ingeniørkompetanse hos Fylkesmannen i Finnmark. Fylkesmannen yter viktig støtte til dei administrative og økonomiske prosessane ved atomtryggleikssamarbeidet. Strålevernet opplyser vidare at Fylkesmannen i Finnmark har styrkt bemanninga med ein prosjektmedarbeidar/ingeniør som er leigd inn frå Kystverket Troms og Finnmark. For komande prosjekt vil Fylkesmannen i Finnmark inngå kontraktar direkte med den russiske eininga som har ansvar for opprydding av avfall (SevRAO). Det vil seie at guvernøren i Murmansk og Murmansk fylkesadministrasjon blir mindre involverte i prosjektarbeidet. Ifølgje Strålevernet betyr dette at aktørkjeda blir kortare, og at det blir lettare å følgje midlane på russisk side.

Den russiske riksrevisjonen har i oppfølginga si av revisjonen gått gjennom rekneskapen til eit utval kontraktar som blei inngått i perioden 2008–2012, forvalta av Murmansk fylkesadministrasjon og delvis finansierte med norske midlar. Den russiske riksrevisjonen konkluderte i rapporten sin med at det ikkje på ein fullstendig måte var mogleg å etterprøve finansielle og økonomiske transaksjonar i prosjekta som var finansierte med norske midlar.

*I Memorandum om resultatene av parallellrevisjonen om strålingssikkerhet og beskyttelse av miljøet mot radioaktiv forurensning* understrekar den norske og den russiske riksrevisjonen at det er nødvendig at norske og russiske styresmakter arbeider med å sikre korrekt rekneskapsføring av økonomiske midlar. Kontraktane mellom norske og russiske partar må innehalde presise krav til rekneskapsføring og økonomirapportering. Kontraktane bør også innehalde krav om anbodskonkurranse ved val av leverandørar.

Utanriksdepartementet opplyser at dei i dialog og gjennom rapportar og årleg møte med Fylkesmannen i Finnmark og Statens strålevern har fått stadfesta at etatane har innretta verksemda si slik at dei på ein tilfredsstillande måte tek hand om dei krava som departementet stiller. Departementet opplyser vidare at kontraktane som Fylkesmannen i Finnmark har inngått med russisk part, SevRao, 16. mai 2014, stiller tydelege krav til rekneskapsføring, tilgang til rekneskapane hos SevRao og alle underleverandørane og entreprenørane, økonomirapportering og anbodskonkurranse.

---

### 3 Riksrevisjonens vurdering

Målet for atomtryggleikssamarbeidet med Russland har vore å medverke til å redusere risikoen for ulykker og forureining frå dei nukleære installasjonane i Nordvest-Russland. Riksrevisjonens oppfølging viser at dei norske tryggingssjansprosjekta ved Kola kjernekraftverk skal ha medverka til å gjere det mindre sannsynleg at ulykker og hendingar som avvik frå normaldrift, skal skje. Eigaren av russiske atomkraftverk, Rosenergoatom, vil sannsynlegvis søkje om å få forlengje driftstida til dei to eldste reaktorene. Dette vil, slik Riksrevisjonen ser det, krevje at Noreg held fram innsatsen sin for å følgje opp tryggleiken ved kjernekraftverket.

Vidare viser oppfølginga at arbeidet med å transportere det radioaktive avfallet og brukte kjernebrenselet frå Andrejevbukta er kome i gang. Riksrevisjonen merkar seg at norske og russiske styresmakter har kartlagt og identifisert tiltak for å utbetre seglingsforholda for å redusere risikoen for uhell når det radioaktive materialet skal transporterast ut. I tillegg blir det stilt krav om risiko- og miljøkonsekvensanalysar ved alle prosjekt som har ein risiko for radioaktiv forureining.



Riksrevisjonen ser positivt på at Utanriksdepartementet har behandla ferdig eit utkast til felles detaljerte varslingsprosedyrar, og at dette ligg til behandling hos russiske styresmakter. Riksrevisjonen ser også positivt på at norske og russiske styresmakter har auka innsatsen for å overvake avfall som utgjer ein risiko for radioaktiv forureining til havmiljøet.

Riksrevisjonen vil gjenta kor viktig det er å ha eit godt system for intern kontroll for å medverke til ei målretta og effektiv utnytting av midlane som går til prosjekt i Nordvest-Russland. Riksrevisjonen viser i samband med dette til den norske og den russiske riksrevisjonen si felles vurdering om at kontraktane mellom norsk og russisk part må innehalde presise krav til rekneskapsføring, økonomirapportering og anbuds-konkurranse ved val av leverandørar (sjå det felles memorandumet i vedlegg 1). Riksrevisjonen ser i den samanhengen positivt på at kontraktar som nyleg er inngåtte mellom Fylkesmannen i Finnmark og den russiske kontraktsparten SevRao, inneheld slike krav. Vidare registrerer Riksrevisjonen at Utanriksdepartementet har sett i verk tiltak for tettare oppfølging av kontrollen som norske prosjektleiarar har med dei norske midlane.

Slik Riksrevisjonen vurderer det, viser oppfølgingsundersøkinga at det framleis står att viktige utfordringar, som planar om å forlengje driftstida til dei gamle reaktorane på Kola kjernekraftverk, om å auke storleiken på flåten med atomdrivne isbrytarar og om å bruke flytande atomkraftverk til energiforsyning. Dette tyder på at det framleis er behov for eit tett samarbeid mellom norske og russiske styresmakter om strålings-tryggleik og vern av miljøet i Nordvest-Russland.

Saka er avslutta.

Vedlegg.

# **Riksrevisjonens undersøkelse av Integrerings- og mangfoldsdirektoratets måloppnåelse og virkemiddelbruk i arbeidet med bosetting og kvalifisering av flyktninger – Dokument 3:3 (2010–2011).**

---

## **1 Innleiing**

Dokument 3:3 (2010–2011) *Riksrevisjonens undersøkelse av Integrerings- og mangfoldsdirektoratets (IMDi) måloppnåelse og virkemiddelbruk i arbeidet med bosetting og kvalifisering av flyktninger* blei sendt til Stortinget 11. november 2010. Kontroll- og konstitusjonskomiteen gav innstillinga si 3. februar 2011, jf. Innst. 191 S (2010–2011). Saka blei behandla i Stortinget 11. mars 2011.

Formålet med Riksrevisjonens undersøking var å vurdere om måloppnåinga på viktige område som gjeld integrering, samsvar med vedtaka og føresetnadene i Stortinget, og korleis IMDi medverka til å nå måla. Det var også eit mål å vurdere korleis departementet styrte og følgde opp IMDi.

Riksrevisjonen har også revidert IMDi resultat og verkemiddel for å busetje flyktningar, jf. omtale i Dokument 1 (2014–2015).

Kontroll- og konstitusjonskomiteen hadde følgjande merknader knytte til desse områda:

- Komiteen merkar seg at det går fram av undersøkinga at mange små kommunar har vanskar med å tilby opplæring i samfunnskunnskap på eit språk som deltakaren forstår. Komiteen ser behovet for meir interkommunalt samarbeid på dette området.
- Komiteen merkar seg også at både IMDi og departementet i undersøkinga har gitt uttrykk for at det er store kvalitetsforskjellar i norskopplæringa. Komiteen er samd med departementet i at det er eit stort behov for å undersøkje kvaliteten i norskopplæringa meir inngående, og føreset at dette blir følgt opp.
- Komiteen vil [...] understreke behovet for at dei som kjem til landet, blir aktive deltakarar i samfunnet gjennom utdanning og jobb, og meiner at ein må rette meir merksemd mot dette. Komiteen meiner det er svært viktig at flyktningane blir mest mogleg sjølvhjelpete og uavhengige av økonomisk sosialhjelp.
- Komiteen ser behovet for eit godt samarbeid mellom IMDi, kommunane og NAV. Komiteen ser vidare at tiltak frå NAV og andre arbeidsretta tiltak bør nyttast i større grad i mange kommunar.
- Komiteen meiner at feil og manglar i registreringa av viktige opplysningar i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) må utbetrast.

---

## **2 Oppfølging i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

Nykomne flyktningar og innvandrarakar har både rett og plikt til å ta del i introduksjonsprogrammet, som skal gi personar som har behov for det, tilgang til ei grunnleggjande kvalifisering for arbeidslivet. Ansvaret for å organisere og gjennomføre introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap, ligg hos kommunane. IMDi har ei rolle som pådrivar og rådgivar overfor kommunane. Vox har ansvaret for fagleg og pedagogisk utvikling av faget norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar.

Riksrevisjonen bad i brev av 31. mars 2014 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om å greie ut om korleis departementet har følgd opp merknadene frå kontroll- og konstitusjonskomiteen. Departementet svarte i brev av 13. mai 2014.

Det er i tillegg gjennomført ei utvida oppfølging av undersøkinga av kva verkemiddel IMDi har nytta, og korleis IMDi har nådd måla i arbeidet med å busetje og kvalifisere flyktningar. Det er henta inn informasjon gjennom intervju med representantar for IMDi, Vox, KS og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og ved å gå gjennom styringsdokument som budsjettproposisjonar, tildelingsbrev, oppdragsbrev og verksemdsrapportar. Det er vidare henta inn kvalitative data frå rapportar og undersøkingar som er gitt ut offentleg, i tillegg til tilsynsrapportar frå fylkesmennene. Det er også gjort kvantitative analysar av offentleg tilgjengeleg statistikk frå IMDi, Vox og Statistisk sentralbyrå (SSB).

## **2.1 Tiltak og informasjon i departementet**

### **Opplæring i norsk og samfunnskunnskap**

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap og introduksjonsprogrammet er ifølgje departementet sentrale verkemiddel i den grunnleggjande kvalifiseringa av nykomne flyktningar og innvandrarak. Departementet opplyser at både det og IMDi derfor rettar stor merksemd mot dette arbeidet.

Departementet innførte i 2013 tilskotsordninga Kommunale utviklingsmidlar blant anna som eit tiltak for å betre kvaliteten i norskopplæringa. Ramma for ordninga er 32 mill. kroner. Departementet opplyser vidare at Vox har auka kurstillboda sine for lærarak i norsk og samfunnskunnskap, og at dette vil vere med på å jamne ut kvalitetsforskjellar i opplæringa.

Departementet har inngått ein avtale med SSB om å undersøkje resultatata i opplæringa, og i 2013 gav SSB for første gong ut statistikk om deltakarar på norskopplæring. Departementet opplyser at SSB arbeider med å utvikle ein monitor for opplæringa i norsk og samfunnskunnskap som er meint å gi meir kunnskap om samanhengen mellom deltaking i opplæring, prøveresultat og deltaking i arbeid og utdanning.

Det er innført obligatoriske prøver i norsk og samfunnskunnskap for dei med rett og plikt til norskopplæring som fekk opphaldsløyve etter 1. september 2013. Dette vil gi betre data til å vurdere prøveresultatata og dermed kvaliteten på opplæringa. Når ny utgåve av Nasjonalt introduksjonsregister blir implementert i 2014, får departementet og IMDi tilgang til meir detaljerte opplysningar om kursdeltakarane når dei vurderer prøveresultatata.

### **Overgang til arbeid og utdanning etter enda introduksjonsprogram**

I 2014 lyser departementet ut eit FoU-oppdrag om evaluering av introduksjonsordninga og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap. Det er vidare oppretta ei arbeidsgruppe leidd av IMDi som skal greie ut korleis kommunane betre kan kombinere introduksjonsprogrammet med grunnskule og vidaregåande opplæring.

Departementet innførte 1. september 2012 krav om statleg tilsyn med og plikt til intern kontroll av korleis kommunane følgjer introduksjonslova, som eit ledd i arbeidet med å betre kvaliteten på introduksjonsprogrammet i kommunane, jf. introduksjonslova § 23. Fylkesmannen gjennomfører tilsynet, og tema for tilsynet i perioden 2013–2015 er om introduksjonsprogrammet i kommunane er heilårleg og på fulltid, og det skal årleg gjennomførast tilsyn i to kommunar i kvart fylke.

I tillegg til introduksjonsordninga har departementet sett i verk eller medverka til tiltak som skal føre til god bruk av kompetansen til innvandrane, som rekruttering av innvandrere i statlege verksemdar, intervjuordningar i staten og kommunane, moderat kvotering, Mangfaldsportalen, tiltak for etablerarar og Jobbsjansen. Jobbsjansen er ei tilskotsordning til prosjekt for å få særleg heimeverande innvandrarkvinner som manglar grunnleggjande kvalifisering, over i arbeid eller utdanning, men somme prosjekt rettar seg også spesielt mot ungdom. Løyvingane til Jobbsjansen utgjer 87 mill. kroner i 2014.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet opplyser at det samarbeider med Arbeids- og sosialdepartementet om utarbeiding av tildelingsbrev og prioriteringar til Arbeids- og velferdsdirektoratet. På lokalt og regionalt nivå samarbeider IMDi regionkontor med NAV i kommunane og NAV Fylke.

Departementet opplyser vidare at det blir gjennomført nettverkssamlingar, fagseminar og samarbeidsmøte mellom IMDi og kommunar, sektororgan og fylke for å formidle kunnskap og erfaring, og der relevant forskning og tiltak frå andre kommunar og/eller andre land blir presenterte.

### **Nasjonalt introduksjonsregister**

Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) er eit register over enkeltpersonar som har teke del i norskopplæring og introduksjonsprogram. Dokument 3:3 (2010–2011) viste at det var manglar og feil ved viktige registreringar i NIR, med negative konsekvensar for styringsinformasjonen til IMDi på området, og potensielt også for rettane til enkeltpersonar.

Departementet opplyser at IMDi har sett i gang eit arbeid for å utvikle eit nytt data-system som skal erstatte eksisterande NIR og sikre betre funksjonalitet og kvalitet. Det nye systemet skal etter planen implementerast hausten 2014.

## **2.2 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap**

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet stiller i tildelingsbrevet til IMDi for 2013 følgjande krav til resultat når det gjeld til opplæring i norsk og samfunnskunnskap:

- Delen av dei med rett og plikt som oppfyller plikta si (300/600 timar eller består norskprøve) innan fristen på tre år. Resultatkravet er 90 prosent.
- Delen av dei med rett og plikt som går opp til og består norskprøvene. Resultatkravet er 65 prosent bestått skriftleg prøve og 90 prosent bestått munnleg prøve.<sup>1</sup>
- Delen av personar med rett og plikt som startar opplæringa. Resultatkravet er at av alle som kjem inn i personkretsen for rett og plikt eitt halvår, skal 50 prosent ha starta opplæringa ved utgangen av halvåret som følgjer, og ved utgangen av neste halvår skal 90 prosent ha starta opplæringa.

Delen personar som byrjar på og som gjennomfører norskopplæringa, er stort sett i tråd med resultatkrava frå departementet. Vidare er resultatet nært kravet for kor stor del som skal bestå munnlege prøver. Resultatet er eit stykke unna kravet når det gjeld kor stor del som skal bestå skriftlege norskprøver, der berre 54 prosent av dei som går opp til norskprøve 2 eller 3, består.

Det kjem fram av statistikken frå SSB at det i 2012 var om lag 37 000 deltakarar på opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Det har vore ein auke i talet på deltakarar for alle prøvetypane. Særleg har det vore ein stor vekst i talet på gjennomførte norsk-

1) I tildelingsbrevet for 2014, det første året etter at obligatoriske avsluttande prøver blei innførte, er det ikkje stilt krav til resultat av prøvene.

prøver 3, som nær har dobla seg dei fire siste åra. Delen som består norskprøve 2, er stabil i perioden, medan delen som består norskprøve 3, fell med omtrent fem prosentpoeng.

Ei samanlikning av resultatata frå dei skriftlege prøvene mellom kommunar viser at det er store variasjonar i kor stor del av deltakarane som består. I 10 av dei 74 kommunane der det blei gjennomført norskprøve 3 i 2013, var delen som bestod prøva, under 40 prosent. I den andre enden av skalaen var det 17 kommunar der fleire enn 70 prosent av dei som møtte opp bestod prøvene sine.

Talet på kommunar som har gjennomført norskprøve 3 desse åra, har auka frå 66 i 2009 til 76 i 2012 og 2013. 42 kommunar har gjennomført skriftleg norskprøve 3 kvart år i perioden 2009–2013. I eit fleirtal av desse kommunane er delen som består prøva, betra i perioden. Dette tyder på at mange av kommunane som får erfaring med å gi opplæring i norsk til innvandrarak, blir betre over tid. Samtidig er det, både for norskprøve 2 og norskprøve 3, ein del kommunar som trass i lang erfaring, ikkje har lykkast med å forbetre resultatata.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og IMDi erkjenner at det stadig er store kvalitetsforskjellar i arbeidet som kommunane gjer med å inkludere og kvalifisere innvandrarak. På somme område har IMDi dei seinare åra blitt meir uroa over kvalitetsforskjellane i norsk- og samfunnskunnskapsopplæringa mellom kommunane, fordi det blir busett fleire flyktingar i kommunar som ikkje har erfaring med å busetje og kvalifisere flyktingar.

Vox meiner at kvalitetsforskjellane mellom kommunane når det gjeld opplæringa, blant anna kjem av ein ulik tilgang på kvalifiserte lærarak, og særleg lærarak med kompetanse i norsk som andrespråk. Det er ifølgje Vox blitt noko lettare for kommunar å få tilgang til lærarak som kan undervise i samfunnskunnskap på eit språk flyktingane forstår. Vox peiker på at ei mogleg årsak til at resultatata varierer, er at det varierer frå år til år kor mange flyktingar som blir busette i dei enkelte kommunane, og korleis flyktinggruppa er sett saman. Dette gjer det ifølgje Vox vanskeleg for kommunane å utvikle eit tilpassa vaksenopplæringsapparat.

KS meiner at kvaliteten på opplæring i norsk og samfunnskunnskap er blitt betre dei siste åra, og at IMDi stiller strengare krav til kvalitet enn før. KS opplyser likevel at kommunane opplever at delen deltakararak med større behov for hjelp har auka i den same perioden.

Norskopplæringa er ifølgje IMDi ikkje god nok. Vaksenopplæringa i kommunane er ikkje tilpassa den store gruppa innvandrarak, men er meir tilpassa den norske befolkninga. IMDi etterlyser eit betre samarbeid med Kunnskapsdepartementet om blant anna utforminga av vaksenopplæringslova. Det er ifølgje Vox ikkje krav om at lærarak i norskundervisninga skal ha kompetanse i norsk som andrespråk.

### **2.3 Overgang til arbeid og utdanning etter enda introduksjonsprogram**

Ifølgje IMDi er SSB Monitor for introduksjonsordninga<sup>2</sup> og Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) dei mest interessante og pålitelege kjeldene når det gjeld overgangen til arbeid og utdanning for deltakararak på introduksjonsprogrammet. NIR registrerer status på deltakarane idet dei avsluttar programmet, medan SSB Monitor undersøker kva tilknytning deltakararak har til arbeidsmarknaden eller utdanning året etter at dei avslutta introduksjonsprogrammet.

2) Siste rapporten i denne serien blei gitt ut i mai 2014 og har namnet *Tidligere deltakere i introduksjonsprogrammet*.

Delen deltakarar som går direkte over i arbeid eller utdanning, fell frå 2006 til 2010. Delen aukar frå 2010 til 2011 og stabiliserer seg på dette nivået fram til 2013, då 47 prosent gjekk direkte over i arbeid eller utdanning. Resultatkravet frå departementet er 55 prosent.

Også delen som er i arbeid eller utdanning eitt år etter avslutta introduksjonsprogram, fell i perioden 2006–2010 for deretter å auke noko frå 2010 til 2011. Av dei som gjekk ut av programmet i 2007, var 63 prosent i arbeid eller utdanning eitt år seinare. Tilsvarande tal frå 2011 var 57 prosent, altså ein reduksjon på seks prosentpoeng. Resultatkravet frå departementet er her 70 prosent.<sup>3</sup>

Departementet viser til at resultatata i introduksjonsordninga er blitt betre den siste tida, men at resultatata framleis er svake, særleg for nokre grupper innvandrar kvinner.

#### **2.4 Statistikk og tilgjengeleg kunnskap**

IMDi meiner at statistikken i større grad burde ha teke omsyn til bakgrunnen og kompetansen til kvar enkelt deltakar for å gi eit betre grunnlag for å vurdere resultatata. Utdanningsbakgrunnen til deltakarane er ikkje med i statistikken frå NIR, både fordi UDI ikkje har data om dette som kan brukast igjen, og fordi det heller ikkje er heimel i forskrift for å registrere denne typen data i NIR, jf. § 5 i forskrift om nasjonalt introduksjonsregister. IMDi ønskjer at slik informasjon skal kunne overførast/registrerast, og det er planlagt at det skal vere mogleg i den nye versjonen av NIR som er under utvikling. Departementet opplyser at det i tildelingsbrevet til IMDi for 2015 vil vurdere å be om at resultatata i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap blir samanstillt med data om kva opplæringsnivå deltakarane er plasserte på. Dette vil ifølgje departementet kunne gi betre informasjon om i kva grad kommunane lykkast med opplæringa, avhengig av utgangspunktet til kursdeltakarane.

IMDi opplyser at statistikken frå SSB og til dels frå NIR over overgangen til arbeid og utdanning gir eit for lite nyansert bilete av kva som er eit godt resultat både med omsyn til føresetnadene deltakarane har til å få jobb eller skuleplass, og til kva som skal reknast som jobb og utdanning.

SSB gjennomførte i 2013 ei undersøking på oppdrag frå IMDi for å analysere kva faktorar som påverkar introduksjonsresultata. Analysen viste at verken fødelandet og utdanningsnivået til flyktningane eller arbeidsmarknaden i regionen kan forklare dei store kommunale forskjellane i kor stor del av deltakarane i introduksjonsprogrammet som kjem i arbeid eller utdanning. IMDi viser til at det er stor variasjon både når det gjeld korleis kommunane organiserer introduksjonsprogrammet, og kor mykje pengar som blir brukt på programmet.

NIR i dag sorterer overgangen til arbeid i to grupper: dei som har arbeid 1–29 timar i veka, og dei som arbeider 30–37,5 timar i veka. Direktoratet meiner dette tilseier at ein bør tolke statistikken varsamt. I den nye versjonen av NIR kan kommunane registrere nøyaktig kor mange timar ein person er sysselsett i veka.

Resultata frå Jobbsjansen låg ikkje føre då IMDi årsrapport for 2013 blei ferdigstilt, men BLD opplyser i juni 2014 at 60 prosent av dei heimeverande innvandrar kvinnene som fullførte Jobbsjansen i 2013, gjekk over i jobb eller utdanning. Det er ein auke på åtte prosentpoeng frå året før. Sjølv om resultatata varierer, er det somme kommunar

3) Blant anna for å ta omsyn til at kvinner i omsorgspermisjon vanlegvis ikkje er tilgjengelege for arbeidsmarknaden, har SSB laga ein ny berekningsmetode for overgangen til arbeid og utdanning for dei som avslutta introduksjonsprogram i 2010 og 2011. Den nye berekningsmetoden viser ein høgare overgang til arbeid og utdanning eitt år etter avslutta introduksjonsprogram, på etter tur 61 og 63 prosent, og den auka delen kjem i all hovudsak av at delen kvinner med små barn er teken ut av populasjonen.

som har svært gode resultat, med over 90 prosent overgang til jobb for deltakarane. BLD meiner at dette er eit godt resultat, sidan deltakarane som regel treng mykje oppfølging før dei kan ta til i arbeid eller på utdanning.

## 2.5 Introduksjonsprogrammet

IMDi erfarer at kommunar som arbeider systematisk og langsiktig med introduksjonsprogrammet, oppnår betre resultat enn dei som ikkje gjer det. IMDi meiner at for å få gode resultat bør kommunen gjennomføre ei heilskapleg kartlegging av den enkelte så tidleg som råd etter at personen er busett i kommunen. Oppfølginga må ifølgje direktoratet vere individuelt tilpassa, og eit tverrfagleg team bør stå for oppfølginga der det er behov for det. I tillegg bør kommunen ifølgje IMDi bruke eit tredje år på introduksjonsprogrammet for personar som står langt frå arbeidsmarknaden.

Departementet opplyser at det til no ikkje har fått noka samanfatning av tilsynsrapportane, men at dei tilsyna som fylkesmannen har gjennomført, avdekkjer avvik både når det gjeld om introduksjonsprogrammet er på fulltid, og om det er heilårleg. Riksrevisjonens gjennomgang av tolv tilgjengelege tilsynsrapportar frå åtte fylke viser også at fleire kommunar ikkje utarbeider individuelle planar i samsvar med introduksjonslova. IMDi meiner at informasjonen frå tilsyna er viktig, og trur at tilsynet verkar disiplinerte for kommunane.

KS erfarer at organisasjonsmåten ikkje har mykje å seie for om introduksjonsprogrammet får gode resultat, men peiker på at godt samarbeid mellom introduksjonsprogrammet og NAV er viktig når det gjeld bruken av arbeidsretta tiltak. KS meiner at det er behov for tiltak gjennom NAV som er meir tilpassa flyktningar.

Departementet opplyser at det ikkje har vurdert meir detaljerte lovkrav til opplæringa i norsk og samfunnskunnskap enn det som ligg i introduksjonslova i dag. Det er i stor grad opp til kommunen å operasjonalisere krava i lova. Departementet meiner at sidan fleire kommunar har problem med å oppfylle dei krava som ligg i lova i dag, er det lite tenleg å innføre nye krav på området.

Departementet meiner at IMDi har ei utfordring når det i hovudsak ved hjelp av pedagogiske verkemiddel skal få kommunar til å busetje fleire flyktningar og samtidig stille krav til korleis kommunane skal drive inkluderings- og opplæringsarbeidet.

---

## 3 Riksrevisjonens vurdering

Delen flyktningar som tek til i jobb eller utdanning etter at dei er ferdige med introduksjonsprogrammet, fall i perioden 2006–2010, men har stige noko att sidan 2010. Det er framleis under halvparten av deltakarane som går direkte til jobb eller utdanning etter avslutta program. Eitt år etter avslutta program er delen personar i jobb eller utdanning knapt 60 prosent. Både ved avslutning av programmet og eitt år etter er resultatene svakare enn dei resultatkrava departementet har stilt.

Introduksjonsprogrammet er eit sentralt verkemiddel for å kvalifisere deltakarane til ordinært arbeid eller utdanning, og Riksrevisjonen meiner det er positivt at departementet har innført tilsyn med dette. Men gjennomførte tilsyn viser manglar og veikskapar i introduksjonsprogrammet i fleire kommunar, blant anna at programmet ikkje er heilårleg, ikkje er på fulltid, og at det ikkje blir utarbeidd individuelle planar i samsvar med introduksjonslova.

Riksrevisjonen har merka seg at IMDi no disponerer kommunale utviklingsmidlar, og dette tiltaket vil kunne forbetre introduksjonsprogrammet og norskopplæringa i kommunane. Riksrevisjonen merkar seg også at Vox har auka kurstilbodet sitt for lærarar i norsk og samfunnskunnskap.

Sjølv om det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kor stor del av deltakarane som gjennomfører avsluttande prøve kvart år, har ikkje departementet analysert nærare kva som kan vere årsaka til desse forskjellane. Riksrevisjonen meiner at departementet har for lite systematisk informasjon om kvaliteten på opplæringa utover kor stor del som består prøvene. Riksrevisjonen har merka seg at departementet har innført obligatoriske avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap for dei som fekk rett og plikt til denne undervisninga etter 1. september 2013. Dette vil, etter kvart som denne gruppa fullfører opplæringsløpet sitt, gi departementet og IMDi eit betre grunnlag for å vurdere arbeidet kommunane gjer med opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Vidare har departementet i liten grad kartlagt informasjon om utdanningsbakgrunnen til flyktningane, dels på grunn av korleis forskrift om Nasjonalt introduksjonsregister er utforma, og dels fordi registeret i seg sjølv gjer det vanskeleg å samle inn slike opplysningar. Riksrevisjonen meiner det er viktig for korleis departementet skal styre dette området, og for korleis IMDi skal følgje opp kommunane, at det nye NIR og gjeldande reguleringar legg til rette for innsamling og omarbeiding av sentrale opplysningar om ferdigheitsnivået til flyktningane og kva utbytte dei har av undervisninga.

Deltakarane i norskopplæring byrjar på og fullfører i stor grad innanfor dei målkrava som departementet har sett på området. Ein stor del av deltakarane består dei munnlege prøvene i norsk, og ein noko mindre del består dei skriftlege prøvene.

Resultata varierer mellom kommunane, og kvalitetsforskjellane i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap er framleis store. Undersøkinga viser at i nye busetjingskommunar er delen flyktningar som består prøvene, i gjennomsnitt lågare enn i kommunar med lengre erfaring med å busetje og integrere flyktningar. Samtidig er det ein del kommunar som ikkje har klart å auke delen som består prøvene sjølv etter fleire års erfaring med opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Dette indikerer både at det er behov for å styrkje støtta til opplæring i norsk og samfunnskunnskap i nye busetjingskommunar, og at det bør rettast inn tiltak mot kommunar med svake resultat over tid. I den samanhengen bør departementet vurdere korleis ein kan betre overføringa av erfaring frå kommunar med gode resultat på dette området.

Riksrevisjonen har merka seg at departementet vil evaluere ordninga med introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og at departementet no vil be IMDi om å utvikle statistikk der ein kan sjå resultata opp mot forkunnskapane til deltakarane. Riksrevisjonen har vidare merka seg at departementet har bede SSB om å undersøkje samanhengen mellom opplæring i norsk og samfunnskunnskap og overgangen til arbeid.

Departementet har sett i verk og skal setje i verk fleire tiltak for å betre kvaliteten i introduksjonsprogrammet og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap. Fleire av dei tiltaka som er sette i verk, har berre verka i kort tid, og vidare tiltak er anten planlagde eller under oppstart. Riksrevisjonen har merka seg at dei fleste av tiltaka er retta inn mot å skaffe informasjon og ikkje direkte mot å forbetre resultatet i kommunane. Riksrevisjonen meiner det er behov for tiltak for kommunar med svake resultat.

Riksrevisjonen følgjer saka vidare.



# **Riksrevisjonens undersøkelse av resultatorienteringen i norsk bistand – Dokument 3:4 (2010–2011)**

---

## **1 Innleiing**

Formålet med Riksrevisjonens undersøking var å vurdere i kva grad Utanriksdepartementet gjennom resultatorientering og kvalitetssikring medverkar til å oppnå resultat i norsk langsiktig bistand.

Dokument 3:4 (2010–2011) *Riksrevisjonens undersøkelse av resultatorienteringen i norsk bistand* blei sendt til Stortinget 13. januar 2011. Kontroll- og konstitusjonskomiteen heldt 25. oktober 2011 ei open kontrollhøyring som ledd i behandlinga av saka. Komiteen gav innstillinga si 6. desember 2011, jf. Innst. 104 S (2011–2012). Stortinget behandla saka 13. desember 2011.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen delte Riksrevisjonens syn om at det er behov for å forbetre forvaltninga av norsk bistand. Resultatorientering og resultatmåling er viktig for å sikre at midlane når fram til dei utpeikte målgruppene, og for at midlane gir resultat i tråd med dei politisk vedtekne målsetjingane. Komiteen var samd i prinsippa for Paris-erklæringa, som strekar under nasjonal eigarskap, og framheva at val av samarbeidsland blant anna er basert på ei vurdering av utviklingspolitikken til mot-takarlandet. Komiteen streka samtidig under at dette ikkje tek frå norske bistandsorgan ansvaret for resultatorientering og kvalitetssikring av norsk bistand. Resultatfokus og kvalitetssikring må stå sentralt i norsk bistands- og utviklingsarbeid.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen peikte på behovet for styrkt personalkapasitet i oppfølginga av dei store beløpa som blir kanaliserte til FNs utviklingsprogram og -prosjekt, og til annan multilateral bistand. Komiteen merka seg at Riksrevisjonen er kritisk til at «uformelle konsultasjonar og alliansebygging i Utenriksdepartementet sitt arbeid med FNs fond og program gjør det vanskelig å dokumentere helheten i den norske oppfølgingen». Komiteen peikte på at det av omsyn til kravet om å kunne dokumentere og etterprøve også er nødvendig med styrearbeid og aktiv deltaking i styremøte. Komiteen registrerer at Utanriksdepartementet i svaret sitt til Riksrevisjonen opplyser om at departementet vil vurdere nærare både personelloppsett og organiseringa av arbeidet med FNs fond og program.

---

## **2 Oppfølging i Utanriksdepartementet**

Riksrevisjonen bad i brev av 9. april 2014 Utanriksdepartementet om å gjere greie for korleis departementet har følgd opp dei problemstillingane som blei påpeikte i Innst. 104 S (2011–2012). Departementet svarte i brev av 15. mai 2014.

### **2.1 Vidareutvikling av krav og metodar for tilskotsforvaltninga**

Utanriksdepartementet opplyser at det blir arbeidd kontinuerleg med å utvikle vidare krava og metodane for tilskotsforvaltninga av norsk bistand. I 2013 lanserte departementet ein revidert versjon av handboka i tilskotsforvaltning med ein utfyllande rettleiar i mål- og resultatstyring. I 2013 blei også malane for avgjerdokument for prosjekt- og programstøtte revidert, og dei inneheld no utvida krav til korleis ein skal vurdere målhierarkiet til prosjekta og risikostyringa til samarbeidspartnarane.

Utanriksdepartementet viser til at malar og skjema jamleg blir reviderte, og at dei i aukande grad blir brukte. Dette har ifølgje departementet medverka til at tilskotsmottakarane får tydelegare informasjon om dei krava departementet stiller til mål, grunnlagsdata og resultatindikatorar.

Utanriksdepartementet opplyser vidare at mål- og resultatstyring er tema i den obligatoriske opplæringa i tilskotsforvaltning, og det er utvikla fordjupingskurs som alle som arbeider med tilskotsforvaltning, får tilbod om. Norad held også korte kurs i resultatstyring ved ambassadane når dei jamleg gjer forvaltningsgjennomgang på bestilling frå departementet.

Utanriksdepartementet ser på risikostyring som ein integrert del av mål- og resultatstyringa. I 2012 blei methodedokumentet «Risikostyring – Metode og begreper i UD» lansert. Målet med dokumentet er blant anna å sikre ei einenskapleg og systematisk tilnærming til risikostyring og gjere det meir sannsynleg at ein når dei ønskete resultata. Dokumentet skal nyttast i heile verksemda, medrekna i tilskotsforvaltninga.

Utanriksdepartementet opplyser at evalueringsavdelinga i Norad i mars 2014 lanserte ein rapport som viser at Utanriksdepartementet og Norad har system for mål- og resultatstyring, men at systema ikkje i tilstrekkeleg grad blir følgde. Departementet opplyser at det, på bakgrunn av rapporten, våren 2014 vil utarbeide ein handlingsplan for auka resultatmerksemd.

Departementet viser elles til at ein ny seksjon for kvalitetssikring og tilskotsforvaltning skal opprettast i departementet. Opprettinga av seksjonen vil bety strengare krav til kvalitetssikring av tilskota frå departementet, til dette høyrer ei vurdering av kompetansen og kapasiteten til tilskotsmottakarane og av dei planlagde resultata av tiltaka.

## **2.2 Oppfølginga av multilateral bistand**

Utanriksdepartementet opplyser at departementet sidan 2011 har teke aktivt del i styra til UNDP/UNFPA og Unicef, og at deltakinga har vore basert på ei systematisk tilnærming. Utanriksdepartementet har lagt vekt på å fremje norske synspunkt som er tydelege på kva som blir forventa av organisasjonane. Desse er baserte på faglege vurderingar som Norad og departementet har gjort, og på rapportar frå Multilateral Organizations Performance Network (MOPAN). Departementet opplyser vidare at det blir utarbeidd referat som omtalar korleis norske synspunkt er følgde opp, kva ein har oppnådd, og kva Noreg eventuelt ikkje har fått gjennomslag for. Innlegga blir arkiverte saman med referata. På denne bakgrunnen meiner Utanriksdepartementet at krava som kontroll- og konstitusjonskomiteen har til at saker skal kunne dokumenterast og etterprøvast, er følgde.

Utanriksdepartementet viser til at det har medverka aktivt i styrearbeidet og fått gjennomslag i viktige saker som ei styrkt resultatorientering i dei nye langtidsplanane til organisasjonane, betre innsyn i planlagd bruk av midlar, styrkt evalueringsarbeid og styrking av internrevisjonsfunksjonane i organisasjonane.

Når det gjeld spørsmålet om behovet for styrkt personalkapasitet i oppfølginga av fonda og programma i FN, framhevar departementet at UNDP er den av dei tre organisasjonane som krev mest saksbehandlingskapasitet. Sidan 2011 er kapasiteten i departementet auka frå 1 til om lag 1,5 årsverk. Elles opplyser departementet at det har ført vidare forbetringa i korleis arbeidet med fonda og programma i FN er organisert, som omtalt i brevet frå dåverande utviklingsminister av 17. november 2010.

---

### 3 Riksrevisjonens vurdering

Riksrevisjonen registrerer at Utanriksdepartementet har teke aktivt del i styra til UNDP/UNFPA og Unicef og sett i verk tiltak for å forbetre dokumentasjonen av styrearbeidet. Riksrevisjonen ser også positivt på at departementet har lagt vekt på å utforme norske synspunkt som er tydelege på kva som blir forventa av FNs fond og program.

Utanriksdepartementet opplyser at UNDP er den av dei tre organisasjonane som krev mest saksbehandlingskapasitet, og at kapasiteten har auka frå 1 årsverk i 2011 til om lag 1,5 årsverk. Riksrevisjonen føreset at saksbehandlingskapasiteten i Utanriksdepartementet sikrar ei tilstrekkeleg oppfølging av FN-organisasjonane.

Riksrevisjonen er positiv til at Utanriksdepartementet arbeider kontinuerleg med å styrkje mål- og resultatstyringa av norsk bistand. Riksrevisjonen har merka seg at departementet har sett i verk fleire tiltak, blant anna er det oppretta ein eigen seksjon for kvalitetssikring og tilskotsforvaltning, gjennomført ulike kompetansehevingstiltak og gjort jamlege revisjonar av malar og skjema for tilskotsforvaltninga.

Utanriksdepartementet peiker på, med referanse til ein evalueringsrapport<sup>1</sup> som Norad lanserte i mars 2014, at departementet og Norad har system for resultatmåling, men at desse ikkje blir følgde i tilstrekkeleg grad. Riksrevisjonen føreset at departementet, utover å setje i verk tiltak for å forbetre systema for mål- og resultatstyring, også sikrar at desse systema blir følgde.

Riksrevisjonen vil følgje opp tilskotsforvaltninga i departementet gjennom den løpande revisjonen.

Saka er avslutta.

1) Norad (2014) *Can We Demonstrate the Difference that Norwegian Aid Makes? Evaluation of results measurement and how this can be improved.*

# **Riksrevisjonens undersøkelse av Arbeids- og velferdsetatens oppfølging av sykmeldte – Dokument 3:5 (2010–2011)**

---

## **1 Innleiing**

Formålet med undersøkinga til Riksrevisjonen var å belyse om arbeids- og velferdsetaten hadde etablert ei systematisk og formålseffektiv oppfølging av sjukmelde personar, og om styringa i arbeids- og velferdsetaten og Arbeidsdepartementet sikra dette.

Dokument 3:5 (2010-2011) *Riksrevisjonens undersøkelse av Arbeids- og velferdsetatens oppfølging av sykmeldte* blei sendt Stortinget 11. januar 2011. Kontroll- og konstitusjonskomiteen gav innstillinga si 15. mars 2011, jf. Innst. 255 S (2010–2011). Stortinget behandla saka 21. mars 2011.

Komiteen peikte i innstillinga på at det er for dårleg at 18 prosent har gradert sjukmelding når den politiske målsetjinga er at gradert sjukmelding skal vere hovudregelen. Komiteen konstaterte vidare at informasjonen frå legane er for dårleg, og at NAV ikkje kartla informasjonen godt nok. Komiteen viste blant anna til at det var nødvendig å ta initiativ overfor legar og andre sjukmeldarar slik at gradert sjukmelding blir eit reelt alternativ, og slik at dei sjukmelde ikkje mistar kontakten med den arbeidsfellesskapen dei er ein del av.

Komiteen merka seg at om lag 20 prosent av dei som var sjukmelde i meir enn seks månader, anten hadde avslutta eit arbeidsforhold i sjukepengeperioden eller ikkje var registrerte med arbeidsgivar i arbeidstakarregisteret. Komiteen meinte dette var alvorleg og viste til at NAV har eit særleg ansvar for å følgje opp personar som ikkje har arbeidsgivar, blant anna ved å utarbeide ein plan for oppfølginga vidare.

---

## **2 Oppfølging i Arbeids- og sosialdepartementet**

Riksrevisjonen bad i brev av 25. mars 2014 Arbeids- og sosialdepartementet om å gjere greie for kva tiltak som er sette i verk for å følgje opp merknadene frå komiteen, og å forklare korleis bruken av gradert sjukmelding har utvikla seg. Departementet svarte i brev av 5. mai 2014.

### **2.1 Styringsdialogen**

Arbeids- og sosialdepartementet opplyser at det frå 2011 er stilt krav i tildelingsbrevet til Arbeids- og velferdsdirektoratet om at sjukmelde skal følgjast opp. Det er særleg lagt vekt på:

- gjennomføring av dialogmøte 2 innan utgangen av veke 26
- oppfølging av sjukmelde personar utan arbeidsgivar
- evaluering av kva som skjer med sjukmelde personar etter dialogmøte 2

I tildelingsbrevet for 2011 blei det lagt vekt på at etaten skulle forbetre oppfølginga si når det gjeld sjukefråværsarbeidet, til dette høyrer å gjennomføre tiltak knytte til oppfølginga av ny IA-avtale og protokoll av 24. februar 2010. Dette omfattar både tidleg vurdering og å setje i verk arbeidsretta tiltak, gjennomføre dialogmøte og rettleiing,

og å følgje opp aktørane i sjukefråværsarbeidet (verksemdene, sjukmeldarane og partane i arbeidslivet).

Departementet opplyser vidare at det har poengtert overfor Arbeids- og velferdsdirektoratet at etaten i dialogen sin med den sjukmelde, arbeidsplassen og sjukmeldaren, skal medverke til auka bruk av gradert sjukmelding. Ifølgje departementet har utfordringane knytte til å følgje opp sjukefråværet vore omtalt i alle verksemdsrapportar frå 2011 til 2013 som følgje av krava i tildelingsbrevet. Departementet opplyser at det løpende vurderer om etaten når måla.

Frå 2014 er det i tildelingsbrevet til direktoratet stilt krav om at delen graderte sjukmelde personar skal auke på tolvvekers-tidspunktet, og direktoratet er pålagt å rapportere om korleis bruken av gradert sjukmelding utviklar seg.

## **2.2 Utvikling i graderte sjukmeldingar**

Det går fram av årsrapporten frå Arbeids- og velferdsdirektoratet for 2013 at det frå 2008 til 2012 var ein vedvarande auke i delen legemelde sjukefråværstilfelle med gradert sjukmelding. Frå tredje kvartal 2012 til same kvartalet i 2013 har delen med gradert yting vore uendra på om lag 26 prosent.

Departementet meiner det er vanskeleg å slå eintydig fast kva som er eit realistisk nivå for delen med gradering. Det er ifølgje departementet også avgrensa kva andre direkte verkemiddel som kan eller bør nyttast, gitt at det er arbeidsgivaren som er ansvarleg for å følgje opp den sjukmelde som er tilsett. Ifølgje departementet bør derfor Arbeids- og velferdsetaten vere varsam med å gå inn tidleg og overta ansvaret til arbeidsgivaren.

## **2.3 Tiltak overfor sjukmeldarar**

Departementet opplyser at det ifølgje årsrapporten for direktoratet for 2013 er stadig tettare kommunikasjon og samhandling mellom NAV lokalt og sjukmeldarar, særleg fastlegane. Det er hyppigare dialog mellom NAV og fastlegar i konkrete sjukepenge-saker og om sjukmeldingspraksisen til kvar enkelt. Ifølgje årsrapporten blir rådgivande legar oftare nytta i kommunikasjonen som etaten har med sjukmeldarar. Dette gjeld både i tilfelle der det er registrert vesentlege avvik i sjukmeldingspraksisen, i konkrete enkeltsaker og i møte om meir generelle tema av felles interesse når det gjeld sjukefråværsarbeidet.

Departementet viser til at det er teke i bruk verktøy som er utvikla gjennom «Prosjekt Sykmelder». «Faglig veileder» er eit elektronisk oppslagsverk utvikla for sjukmeldarar. Rettleiaren blir forvalta av Helsedirektoratet i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet, og har mellom 7000 og 11 000 treff kvar månad. Direktoratet samarbeider med foreiningane til sjukmeldarane, blant dei Legeforeningen, om løpende forbetringar og justeringar i dei faglege rettleiarane. Det er vidare utvikla funksjonalitet i det elektroniske journalsystemet til fastlegen, som ifølgje departementet gjer det enkelt å slå opp i den faglege rettleiaren. Departementet opplyser at bruken av rettleiaren blant legane blei kartlagd i samband med IA-evalueringa. Kartlegginga viste at 28 prosent av legane ved årsskiftet 2012–2013 opplyste at dei har brukt den faglege rettleiaren, medan 53 prosent svarte at dei ikkje har brukt han, men at dei kjenner til han. Resten (19 prosent) svarte at dei ikkje kjenner til den faglege rettleiaren.

Departementet viser også til at det i starten av 2011 blei lansert ein statistikkportal for sjukmeldarar og NAV: «Regelmessig tilbakemelding til sykmelder om egen sjukmeldingspraksis». Ifølgje departementet var det ved utgangen av desember 2013 1447 sjukmeldarar som hadde teke i bruk statistikkportalen, og blant desse var 85 prosent

allmennlegar. Arbeids- og velferdsetaten bruker statistikken i møta sine med lokale legar, både i fellessamlingar og i dialog med enkeltlegar. Departementet opplyser at portalen gjer det mogleg å samanlikne eigen sjukmeldingspraksis med måten andre gjer det på, til dømes når det gjeld bruk av gradering.

Ifølgje departementet meiner Legeforeningen at «Faglig veileder» og statistikkportalen held god fagleg kvalitet og er eit godt bidrag til å styrkje avgjerdsgrunnlaget til sjukmeldaren.

Departementet opplyser vidare at *forskrift om obligatorisk opplæring i sjukmeldingsarbeid for leger* tok til å gjelde 1. januar 2013, og at direktoratet har oppretta ein svartefon der legar som har spørsmål om opplæringa, kan få rettleiing. I samband med dei nye reglane for oppfølging av sjukmelde personar frå 1. juli 2014 er sanksjonane knytte til manglande gjennomføring av obligatorisk opplæring oppheva.

#### **2.4 Sjukmelde utan arbeidsgivar**

NAV har hovudansvaret for å følgje opp sjukmelde personar som ikkje har ein arbeidsgivar. Som hovudregel skal oppfølgingsvedtak etter § 14a setjast i verk innan 12 veker sjukmelding. Ifølgje departementet oppfyller oppfølgingsvedtak og aktivitetsplan kravet om oppfølging for desse brukarane. Tidspunktet og omfanget er avhengig av helsetilstanden til brukaren og/eller andre forhold som påverkar om det er mogleg for han eller ho å ta del i arbeidsretta aktivitet eller å kome tilbake i arbeid.

Departementet viser til at sjukmelde personar utan arbeidsgivar er ein samansett kategori, men at det i saksbehandlingssystemet til NAV (Arena) ikkje er skilt mellom ulike underkategoriar av sjukmelde utan arbeidsgivar i oppfølgingssamanheng. Her er føresetnaden, ifølgje departementet, at NAV-kontoret i samband med § 14a-vedtaket vurderer behovet for å avklare kva tiltak den sjukmelde treng.

I 2013 var det totalt 30 661 sjukmelde personar utan arbeidsgivar som fekk sjukepen- gar. Dei sjølvstendig næringsdrivande er den største gruppa, og omfattar 20 197 sjukmelde. Dette utgjer om lag 66 prosent av dei sjukmelde utan arbeidsgivar. Dei arbeidsledige omfattar 10 464 sjukmelde og utgjer om lag 34 prosent av dei sjukmelde utan arbeidsgivar.

Ifølgje departementet passerte anslagsvis 13 000 sjukmelde personar utan arbeidsgivar 12 veker med sjukmelding i 2013. Av desse fekk 23 prosent eit oppfølgingsvedtak, og 15 prosent fekk unntak frå kravet om oppfølgingsvedtak. Departementet viser til at resultatoppnåinga varierer mykje mellom fylke og kontor, og at enkelte fylke har valt å fokusere spesielt på dette. For tre av fylka er delen med oppfølgingsvedtak på over 50 prosent. I 2012 fekk i gjennomsnitt 21 prosent av målgruppa eit oppfølgingsvedtak. Departementet påpeiker at det blant dei sjølvstendig næringsdrivande er mange som har lite behov for hjelp frå NAV for å kome tilbake i arbeid, men at det samtidig er nokon som treng arbeidsretta bistand (nytt arbeid, nye arbeidsoppgåver m.m.).

Arbeids- og sosialdepartementet erkjenner at Arbeids- og velferdsetaten har for lite informasjon om i kva grad NAV-kontora konkret har vurdert oppfølgingsbehovet til sjukmelde personar utan arbeidsgivar. Det er, ifølgje departementet, grunn til å tru at NAV-kontoret, i samråd med ein sjukmeld sjølvstendig næringsdrivande, i somme tilfelle har vurdert at det ikkje er behov for oppfølgingsvedtak utan at dette er registrert som eit unntak frå kravet om oppfølgingsvedtak i saksbehandlingssystema i etaten. Departementet opplyser at det er i dialog med Arbeids- og velferdsdirektoratet om korleis det kan leggjast til rette for betre informasjon på dette området.

---

### 3 Riksrevisjonens vurdering

Riksrevisjonen har merka seg at Arbeids- og sosialdepartementet har sett i verk fleire tiltak for å styrkje sjukefråværsarbeidet til sjukmeldarane. Riksrevisjonen har vidare merka seg den positive utviklinga i delen med gradert sjukmelding, og at delen utgjer om lag 26 prosent i tredje kvartal 2013.

Då rapporten frå Riksrevisjonen blei behandla, viste kontroll- og konstitusjonskomiteen til at NAV har eit særleg ansvar for å følgje opp personar som ikkje har arbeidsgivar. Det er framleis mange sjukmelde utan arbeidsgivar som ikkje får den oppfølginga frå NAV som dei har krav på. Dei fleste sjukmelde utan arbeidsgivar får verken eit vedtak om oppfølging eller eit unntak frå dette. Riksrevisjonen har samtidig merka seg at departementet no rettar større merksemd enn tidlegare mot sjukmelde personar utan arbeidsgivar, blant anna i det årlege tildelingsbrevet til direktoratet. Det kjem ikkje fram av svaret frå departementet om det er sett i verk konkrete tiltak for at NAV betre kan følgje opp denne gruppa spesielt.

Fleire studiar har peikt på at det å miste arbeidet aukar risikoen for å bli varig ufør. Oppfølginga som Arbeids- og velferdsetaten har av sjukmelde personar som mistar arbeidsgivar, kan dermed ha mykje å seie for enkeltpersonar. Riksrevisjonen understrekar derfor kor viktig det er å avklare oppfølgingsbehovet til den enkelte og å sikre ei god oppfølging av dei som treng det.

Riksrevisjonen følgjer utviklinga på området gjennom den årlege revisjonen.

Saka er avslutta.

# **Riksrevisjonens undersøking av årsaker til at statlege verksemdar ikkje etterlever regelverket for offentlege anskaffingar – Dokument 3:6 (2010-2011)**

---

## **1 Innleiing**

Formålet med Riksrevisjonens undersøking var å analysere årsakene til at statlege verksemdar ikkje følgjer regelverket for offentlege innkjøp. Det var også eit mål å undersøkje om dei ansvarlege verksemdene og leiinga for departementa følgjer opp korleis innkjøpsregelverket blir følgt opp, og om dåverande Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet tok hand om det overordna ansvaret departementet har for regelverket.

Dokument 3:6 (2010–2011) *Riksrevisjonens undersøking av årsaker til at statlege verksemdar ikkje etterlever regelverket for offentlege anskaffingar* blei sendt til Stortinget 15. februar 2011. Kontroll- og konstitusjonskomiteen gav innstillinga si 29. mars 2011, jf. Innst. 288 S (2010–2011). Stortinget behandla saka 12. april 2011.

I innstillinga viste kontroll- og konstitusjonskomiteen til at brot på reglane om offentlege innkjøp har vore ein gjengangar i Riksrevisjonens rapportering om statlege verksemdar, og at det regelverksbrotet som oftast går att, er manglande konkurranse. Manglande etterleving av innkjøpsregelverket kan føre til høgare prisar og lågare kvalitet på dei varene og tenestene som det offentlege kjøper inn. Dette svekkjer tiliten til det offentlege og aukar risikoen for korrupsjon og misleg framferd.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen viste vidare til at leiarforankring, internkontroll, kompetanseheving og bruk av elektroniske løysingar er nødvendige verkemiddel som over tid fører til at innkjøpsregelverket blir betre følgt.

Komiteen føresette at departementet i styringsdialogen sin med underliggjande etatar i større grad rettar merksemda mot å følgje innkjøpsreglementet, og eventuelt spesifiserer kva konkrete tiltak som bør setjast i verk.

Komiteen var samd med Riksrevisjonen i at Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet i større grad burde arbeide med tiltak for å førebyggje brot på innkjøpsregelverket og sikre god forvaltningspraksis. Komiteen bad departementet om å halde fram arbeidet sitt med å rettleie og leggje til rette for meir bruk av elektronisk handel og kompetansebygging på feltet. Komiteen bad vidare om å bli halden orientert om utviklinga.

---

## **2 Oppfølging i Nærings- og fiskeridepartementet**

Riksrevisjonen bad i brev av 31. mars 2014 Nærings- og fiskeridepartementet, som fekk ansvaret for å forvalte regelverket om offentlege innkjøp frå 1. januar 2014, om å gjere greie for kva tiltak som er sette i verk for å førebyggje brot på innkjøpsregelverket, og om korleis Stortinget er orientert om tiltaka. Departementet svarte Riksrevisjonen i brev av 9. mai 2014.

Nærings- og fiskeridepartementet viser i svaret til at arbeidet med å førebyggje brot på regelverket primært blir gjort av Difi (Direktoratet for forvaltning og IKT), og at



regjeringa har informert Stortinget om Difis arbeid gjennom dei årlege budsjettproposisjonane.

Ifølge Nærings- og fiskeridepartementet har Difi prioritert å vidareutvikle rettleiingar, malar og anna innhald på kunnskapsportalen [www.anskaffelser.no](http://www.anskaffelser.no). Difi har også arbeidd med å auke delen av elektronisk handel i offentlege innkjøp, både gjennom satsinga på e-handelsportalen og gjennom å ta del i eit prosjekt som er initiert og finansiert av EU (PEPPOL-prosjektet).

Ifølgje Prop. 1 S (2012–2013) er det ei utfordring å oppnå vesentleg omfang i volum av kjøp basert på elektronisk handel, sjølv om talet på nye verksemder som bruker elektronisk handel, har auka. Statistikk for elektronisk handel per mai 2014 viser at årleg omsetning er på i underkant av 10 mrd. kroner<sup>1</sup>, medan det totale volumet av offentlege innkjøp er på rundt 400 mrd. kroner (SSB)<sup>2</sup>.

Nærings- og fiskeridepartementet opplyser vidare at Difi arbeider med å forbetre statistikken på offentlege innkjøp på fleire måtar. Med verknad frå 1. januar 2014 har Difi inngått ein ny avtale for drift av den nasjonale kunngjeringsbasen Doffin. Avtalen legg til rette for at det kan trekkjast ut betre statistikk frå databasen. Difi samarbeider også med Direktoratet for økonomistyring (DFØ) om eit prøveprosjekt for å hente ut data om innkjøp frå rekneskapane til statlege verksemder. Den nye kontoplanen for staten gjer det enklare å trekkje ut slik statistikk.

Nærings- og fiskeridepartementet viser også til at det blei sendt eit brev til alle departementa 14. september 2011 om korleis dei behandla innkjøpsområdet i etatsstyringa. I brevet ble det gjort greie for Riksrevisjonens undersøking og kva Riksrevisjonen hadde funne av årsaker til at reglane blir brotne. Departementa blei bedne om å melde tilbake om korleis dei behandla innkjøpsområdet i etatsstyringsdialogen. Alle departementa svarte på brevet. Svare blei formidla til Difi, som kan dra nytte av innspela i rettleiingsarbeidet.

Nærings- og fiskeridepartementet viser vidare til at det i desember 2012 blei sett ned eit offentleg utval som skulle gå gjennom den særnorske delen av regelverket om offentlege innkjøp og foreslå nytt regelverk på området. Hensikta er å forenkla og auke fleksibiliteten. Bakgrunnen for dette er fleire tilbakemeldingar om at reglane er for kompliserte, byråkratiske og vanskelege å bruke. Utvalet leverte forslag til nytt regelverk til departementet 10. juni 2014<sup>3</sup>. Forslaget er sendt på høyring med frist 31. oktober 2014.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer merksam på at ein tilsvarande prosess i EU har ført til tre nye direktiv. Dei nye reglane inneber forenklingar og auka fleksibilitet i regelverket, og det blir blant anna stilt krav om å bruke elektronisk kommunikasjon i innkjøp. Departementet er i gang med arbeidet med å innføre dei nye reglane i norsk rett.

Avslutningsvis opplyser Nærings- og fiskeridepartementet at det i september 2013 blei sendt eit forslag på høyring om samordning av statlege innkjøp. Forslaget inneber at ein etablerer ei statleg eining som får ansvaret for å inngå og forvalte rammeavtalar på vegner av staten. I forslaget blei det blant anna vist til at ei større samordning av statlege innkjøp kan gi indirekte gevinstar fordi prosessane og oppgåvefordelinga blir meir effektive, systemet blir meir profesjonelt og det blir lettare å følgje reglane.

1) <http://www.anskaffelser.no>.

2) Tal fra 2011, <http://www.ssb.no/offinnkj>.

3) NOU 2014:4 Enklere regler – bedre anskaffelser.

---

### 3 Riksrevisjonens vurdering

Riksrevisjonen har merka seg at styresmaktene har sett i verk fleire tiltak som kan medverke til betre internkontroll, leiarforankring, kompetanse og bruk av elektroniske løysingar når det gjeld offentlege innkjøp i staten. Vidare har Riksrevisjonen merka seg at det er sett i gang prosessar for å forenkle regelverket og gjere det meir fleksibelt. Tiltaka kan på sikt førebyggje brot på innkjøpsregelverket. Riksrevisjonen ser også positivt på at det blir arbeidd for å forbetre statistikken over offentlege innkjøp.

Riksrevisjonen registrerer at talet på nye verksemder som innfører elektronisk handel har stige, men at elektronisk handel framleis utgjer ein liten del av det samla offentlege innkjøpet i Noreg. Det er viktig at departementet framleis prioriterer dette arbeidet.

Når innkjøpsregelverket ikkje blir følgt, kan resultatet vere at utnyttinga av ressursane er ineffektiv, at bruken av statlege midlar er lite gjennomiktig og at risikoen for korrupsjon og misleg framferd aukar. Riksrevisjonen strekar derfor under kor viktig det er at Nærings- og fiskeridepartementet følgjer området nøye framover.

Riksrevisjonen følgjer utviklinga på området gjennom den løpande revisjonen.

Saka er avslutta.

# **Riksrevisjonens undersøkelse av spesialundervisningen i grunnskolen – Dokument 3:7 (2010–2011)**

---

## **1 Innleiing**

Formålet med Riksrevisjonens undersøking var å vurdere i kva grad Kunnskapsdepartementet tek hand om det overordna ansvaret det har for at elever med særskilde behov får eit likeverdig grunnskuletilbod i samsvar med Stortingets vedtak og vilkår.

Dokument 3:7 (2010–2011) *Riksrevisjonens undersøkelse av spesialundervisningen i grunnskolen* blei sendt til Stortinget 10. mars 2011. Kontroll- og konstitusjonskomiteen gav innstillinga si 31. mai 2011, jf. Innst. 390 S (2010–2011). Stortinget behandla saka 15. juni 2011.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen viste til at det er veikskapar i saksbehandlinga knytt til tildeling, planlegging og oppfølging av spesialundervisningstilbodet. Komiteen fann det kritikkverdig at saksbehandlingstida for sakkunnige vurderingar er for lang, at det er vesentlege manglar ved mange enkeltvedtak og individuelle planar, og at rapporteringa ikkje har vore god nok. Komiteen viste også til at langt over halvparten av kommunane som har hatt statleg tilsyn, ikkje oppfylte krava til internt kontrollsystem.

Komiteen såg positivt på dei tiltaka som er foreslått i Meld. St. 18 (2010-2011) *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlege behov*, og forventa at dei veikskapane ein har avdekt når det gjeld enkeltvedtak, blant anna mangelfull konkretisering av mål for opplæringa, blei betra då dei nye tiltaka blei sette i verk.

Komiteen presiserte behovet for å sikre at sakkunnige vurderingar ligg føre raskast mogleg, og meinte at departementet burde vurdere forslag om lovfesting av maksimal saksbehandlingstid. Komiteen la også til grunn at departementet ville vurdere eventuelle tiltak dersom dei interne kontrollsystema i kommunane ikkje blei styrkte.

---

## **2 Oppfølging i Kunnskapsdepartementet**

Riksrevisjonen bad Kunnskapsdepartementet i brev av 8. april 2014 om å gjere greie for kva tiltak som er sette i verk for at kommunane betre skal følgje regelverket om spesialundervisning. Departementet blei vidare bede om å gjere greie for korleis saksbehandlingstida for sakkunnige vurderingar i PP-tenesta er følgd opp, og kva status er for saksbehandlingstida. Kunnskapsdepartementet svarte i brev av 30. mai 2014.

### **2.1 Tiltak for at kommunane betre skal kunne følgje regelverket**

Kunnskapsdepartementet viser til at det årlege tildelingsbrevet frå departementet til Utdanningsdirektoratet særleg har retta merksemd mot å oppfylle lovverket. I brevet er det stilt opp mål både om god rettleiing og om tilsyn av høg kvalitet. Direktoratet har også gått gjennom resultatane av Riksrevisjonens undersøking på ei fagsamling om spesialundervisning for fylkesmannembeta, slik at embeta også her fekk dokumentert den utfordringa dei har ansvar for å følgje opp.

Departementet viser til at tema for felles nasjonalt tilsyn for perioden 2014–2017 er arbeidet skulen gjer for at elevane skal ha utbytte av opplæringa. Dette gjeld all opplæring og særleg opplæringa til elevar med særskilde behov, til dette høyrer behovet for spesialundervisning og saksbehandlingsreglane knytte til dette. Kvaliteten på tilsynet er styrkt blant anna ved at det er utvikla ei felles metodehandbok for alt tilsyn med opplæringssektoren, og eit omfattande og spesifikt kontrollskjema for det tilsynet som er i gang. Skjemaet er gjort kjent for kommunane og skulane, slik at dei blir bevisstgjorde og har høve til å rette opp feil i forkant av tilsynet.

Utdanningsdirektoratet er vidare i ferd med å slutføre ein revidert og digitalisert versjon av rettleiinga si om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning frå 2009. I tillegg til ein gjennomgang av regelverket skal rettleiaren også innehalde malar og rutineforklaringar.

I lys av Meld. St. 20 (2012–2013) *På rett vei* og stortingsbehandlinga av meldinga har departementet sendt på høyring eit lovforslag om presisering av internkontrollkravet i opplæringslova (krav om forsvarleg system for å følgje opp lovverket). Departementet vurderer no resultatet av høyringa.

## **2.2 Tiltak for å redusere saksbehandlingstida i PP-tenesta**

Departementet viser til at når det gjeld målet om å redusere saksbehandlingstida i PP-tenesta, går det i Meld. St. 18 (2010–2011) fram at departementet etter ei samla vurdering ikkje har funne det riktig å foreslå særskilde reglar om saksbehandlingstida i PP-tenesta. Dette vil ifølgje departementet ikkje seie at det er heilt fritt opp til lokalnivået å avgjere kor lang tid det skal gå før det må liggje føre eit ferdig enkeltvedtak basert på sakkunnig vurdering. Enkeltvedtaket må gjerast innan rimeleg tid, og departementet viser til rettleiaren frå Utdanningsdirektoratet om spesialundervisning som «antyder at en saksbehandlingstid på over tre måneder vil være for lang tid».

Departementet viser dessutan til fleire tiltak som departementet meiner kan verke inn på saksbehandlingstida i PP-tenesta. Blant anna er det ei presisering av opplæringslova § 5-4 som gjer tydeleg kva ansvar skulen har for å finne fram til tiltak innanfor den ordinære opplæringa, slik at ein unngår å belaste PP-tenesta med unødvendig utgreiingsarbeid. Ein ny etterutdanningsstrategi for PP-tenesta skal medverke til at ein fokuserer meir på systemretta arbeid, førebygging og kompetanseutvikling i skulane. Dette er ifølgje departementet også med på å redusere og målrette den individuelle saksbehandlinga. Det statlege pedagogiske støttesystemet Statped, som skal hjelpe PP-tenestene, er inne i ein omfattande omorganiseringsprosess for å sikre eit meir likeverdig tilbod til brukarane.

Departementet peiker vidare på rettleiaren om spesialundervisning frå Utdanningsdirektoratet, som blant anna tek opp korleis det er mogleg å styrkje den ordinære tilpassa opplæringa, slik at behovet for sakkunnig vurdering og spesialundervisning kan bli mindre. Direktoratet skal innan 1. juni 2014 ha teke opp behovet for rettleiande kompetanse- og kvalitetskriterium med KS og ha vurdert ulike tilnærmingar som eventuelt kan synleggjere kva kompetanse og kriterium for god tenesteyting som kan forventast innanfor det mandatet og dei oppgåvene som PP-tenesta har i dag.

---

## **3 Riksrevisjonens vurdering**

Riksrevisjonen ser positivt på tiltaka som er sette i verk for at regelverket om spesialundervisning skal bli følgt betre. Riksrevisjonen merkar seg særleg at spesialundervis-

ninga blir omfatta av eit felles nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet i 2014–2017, og at departementet vurderer å presisere krava til internkontroll i opplæringslova.

Riksrevisjonen merkar seg vidare at Kunnskapsdepartementet ikkje har funne det riktig å foreslå særskilde reglar om saksbehandlingstida i PP-tenesta. Departementet har ikkje gjort greie for status for saksbehandlingstida i PP-tenesta, men viser til fleire tiltak som departementet meiner kan verke inn på saksbehandlingstida. Riksrevisjonen legg til grunn at departementet vil følgje opp om tiltaka får den forventa effekten på saksbehandlingstida i PP-tenesta.

Saka er avslutta.

# **Riksrevisjonens undersøkelse av intern kontroll i forsvarssektoren – Dokument 3:9 (2010–2011)**

---

## **1 Innleiing**

Formålet med Riksrevisjonens undersøking var å vurdere om det ut frå Stortingets vedtak og føresetnader var sett i verk tilfredsstillande internkontroll i forsvarssektoren for å førebyggje og avdekkje mislegheiter. Undersøkinga belyste om den interne kontrollen var sett i verk i tilstrekkeleg omfang, og om ho var av god kvalitet.

Dokument 3:9 (2010–2011) *Riksrevisjonens undersøkelse av intern kontroll i forsvarssektoren* blei sendt til Stortinget 7. juni 2011. Kontroll- og konstitusjonskomiteen gav innstillinga si 6. desember 2011 jf. Innst. 101 S (2011–2012). Stortinget behandla saka 13. desember 2011.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen peikte i innstillinga på at det har vesentleg samfunnsmessig betydning at Forsvaret med alle underliggjande etatar har eit eintydig regelverk som blir følgt i praksis. Ifølgje reglement for økonomistyring i staten § 14 skal alle verksemder etablere system og rutinar for intern kontroll. Dette skal vere med på å hindre at det skjer feil, mislegheiter og økonomisk kriminalitet.

Komiteen streka vidare under at rapporten viser at tilstanden i Forsvaret må forbeistrast kraftig, og komiteen oppfattar situasjonen slik at det er reell fare for mislegheiter. Komiteen delte Riksrevisjonens syn på behovet for at leiinga i Forsvaret, på alle nivå, viser nødvendig leiaransvar og ser til at rammeverket blir implementert i si fulle breidde. Komiteen peikte dessutan på at det var nødvendig å styrkje den merkantile kompetansen og materiellforvaltningskompetansen på alle nivåa det vedkjem.

Komiteen har særleg merka seg at det kostbare IT-forvaltningssystemet SAP i så liten grad blir brukt i innkjøpsprosessar, og at 72 prosent av alle innkjøpa ikkje følgde hovudprosessen i SAP. Det blir framheva at eit godt og dyrt verktøy som SAP, som i stor grad hindrar feil og mislegheiter, må brukast.

---

## **2 Oppfølging i Forsvarsdepartementet**

Riksrevisjonen bad Forsvarsdepartementet i brev av 7. april 2014 om å gjere greie for kva endringar som er sette i verk for å følgje opp undersøkinga. Departementet svarte i brev av 15. mai 2014.

### **2.1 Risikostyring og intern kontroll ved lokale avdelingar i Forsvaret**

Forsvarsdepartementet viser til Forsvarsdepartementets instruks for økonomi- og verksemdsstyring i forsvarssektoren (Instruksen) og Iverksettingsbrev til forsvarssektoren for langtidsperioden for 2013–2016 (IVB LTP) med dei tillegga som høyrer til. Her har departementet presisert og gjort tydeleg overfor etatane kva ansvar dei har for å etablere forsvarleg forvaltning og tilfredsstillande internkontroll i alle delar av verksemda si. Departementet vil følgje opp status for arbeidet som etatane gjer med å etablere forsvarleg forvaltning og internkontroll gjennom styringsdialogen og etablerte rapporteringsrutinar.

Departementet trekkjer fram at utgivinga av *Forsvarets Direktiv for virksomhets- og økonomistyring i Forsvaret, Vedlegg D, Forsvarets praktisering av internkontroll* (2011) er følgt opp av Forsvarsstaben med ein omfattande runde med iverksetting i alle driftseiningar i Forsvaret (DIF-ar), til dette høyrer også ei eiga orientering om førebygging og avdekking av mislegheiter. Vidare blei det i 2012 oppretta ei eiga eining for mål-, resultat- og risikostyring i Forsvarsstaben med det føremålet å blant anna auke kompetansen innanfor risikostyring i Forsvaret.

Departementet viser vidare til at Forsvaret stiller krav om at driftseiningar i Forsvaret kvart år skal sende ein internkontrollplan til Forsvarsstaben. I 2012 og 2013 blei det prioritert å følgje opp driftseiningar der det har vore påvist svakheiter i internkontrollen og/eller forsvarleg forvaltning, til dømes gjennom merknader frå Riksrevisjonen.

## **2.2 Internkontroll, brot på regelverk og rutinar som gjeld innkjøp og materiellforvaltning, under dette bruk av forvaltningssystemet SAP**

Forsvaret har ifølgje Forsvarsdepartementet dei seinare åra sett i verk fleire tiltak for å betre innkjøpsprosessen og materiellforvaltninga. Departementet viser til at oppfølginga med Forsvaret er tett, og at ein heile tida vurderer om det er nødvendig å setje i verk nye tiltak.

I styringsdialogen med Forsvaret har departementet lagt vekt på kor viktig leiarfokus og kompetanseheving er, til dette høyrer å styrkje den merkantile kompetansen for å sikre at regelverket og rutinane for innkjøp blir følgde. Forsvarsdepartementet opplyser at ved utgangen av 2013 viser rapporteringar i resultat- og kontrollrapportar (RKR) at Forsvaret følgjer hovudprosessen i SAP i over 85 prosent av driftsinnkjøpa. Under behandlinga av RKR nr. 3 for 2013 vurderte Forsvarsdepartementet Forsvarets grad av gjennomført materiellkontroll i SAP som tilfredsstillande. Departementet opplyser elles at det framleis vil følgje opp arbeidet Forsvaret gjer med kompetanseheving og tiltak knytt til å følgje innkjøpsregelverket, og at eigenkontrollen av materiell blir utført i tråd med krava.

## **2.3 Arbeidet med haldningar, etikk og leing**

Forsvarsdepartementet viser til at arbeidet med haldningar, etikk og leing (HEL) går kontinuerleg, og at det sidan 2006 er gitt ut fleire handlingsplanar på området. I 2013–2014 evaluerte departementet HEL-arbeidet i sektoren. Eit eksternt konsultentselskap har vore engasjert for å evaluere korleis handlingsplanen er retta inn, korleis arbeidsprosessane er i sektoren, kva effekt som er oppnådd sett opp mot uttalte mål, og for å gi råd for HEL-arbeidet i ein ny planperiode. Evalueringa har ifølgje departementet blant anna konkludert med følgjande:

- Sektoren har oppnådd auka medvit og større kunnskapsnivå når det gjeld haldningar, etikk og leing hos kvar enkelt medarbeidar. Særleg når det gjeld forvaltning, verkar det som det har skjedd ei kulturendring, og det er med på å betre avgjerdene som blir tekne på individnivå.
- Lokale handlingsplanar har vore viktige for å oppnå effekt, men HEL er ikkje godt nok implementert i ordinære styringssystem. Det manglar systematikk for å dele kunnskap og erfaring i sektoren.

Departementet vil følgje opp funna i rapporten gjennom å utvikle arbeidet med haldningar, etikk og leing vidare på alle nivå i forsvarssektoren.

## **2.4 Status for materiellrekneskapen**

Forsvarsdepartementet peiker på at korrekt og rettidig rekneskapsføring av materiell er avgjerande for at rekneskapen til kvar tid skal kunne gi tilfredsstillande styringsinformasjon. Departementet har derfor dei seinare åra prioritert materiellforvaltninga i

den løpande styringsdialogen med Forsvaret, gjennom månedleg rapportering og i møta mellom departementsråden og forsvarssjefen om statusen i Forsvarets arbeid med forsvarleg forvaltning.

Forsvarsdepartementet opplyser vidare at Forsvaret rapporterer om framdrift når det gjeld materiellrekneskapsføringa i SAP, til dette høyrer at materiellrekneskapsføringa av alt sanitetsmateriell skal vere på plass innan 1. juli 2014.

---

### **3 Riksrevisjonens vurdering**

Riksrevisjonen har merka seg at Forsvarsdepartementet har sett i verk fleire tiltak for å sikre at Forsvaret implementerer og følgjer internkontrollsystema på ein god måte.

Når det gjeld innkjøpsprosessen og materiellforvaltninga, har Riksrevisjonen merka seg at rapporteringa i resultat- og kontrollrapportar (RKR) viser at Forsvaret følgjer hovudprosessen i SAP i over 85 prosent av driftsinnkjøpa, og at Forsvarsdepartementet vurderer Forsvarets grad av gjennomført materiellkontroll i SAP som tilfredsstillande. Riksrevisjonen har særleg merka seg at materiellrekneskapsføringa av alt sanitetsmateriell skal vere på plass innan 1. juli 2014.

Forsvarsdepartementet opplyser at ei evaluering av HEL-arbeidet blant anna viser at sektoren har oppnådd auka medvit og kunnskap rundt haldningar, etikk og leiing, men at det manglar nødvendig systematikk når det gjeld å dele kunnskapar og erfaringar. Riksrevisjonen har merka seg at departementet vil følgje opp funna i rapporten ved å utvikle arbeidet med haldningar, etikk og leiing vidare på alle nivå i forsvarssektoren.

Saka er avslutta.



# **Riksrevisjonens undersøkelse av vedlikehold og sikring av kirkebygg – Dokument 3:10 (2010–2011)**

---

## **1 Innleiing**

Målet med Riksrevisjonens undersøking var å belyse arbeidet som styresmaktene gjer med å halde ved like og sikre kyrkjebygg – til dette høyrer tilstandsutvikling og ivaretaking av kommunalt og statleg ansvar. Dokument 3:10 (2010–2011) *Riksrevisjonens undersøking av vedlikehald og sikring av kyrkjebygg* blei sendt til Stortinget 15. september 2011. Kontroll- og konstitusjonskomiteen leverte innstillinga si 8. november 2011, jf. Innst. 41 S (2011–2012). Stortinget behandla saka 28. november 2011.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen viste i innstillinga til at det er eit betydeleg tal kyrkjer som er prega av manglande vedlikehald. Ifølgje komiteen var det særleg urovekkjande at så mange av dei eldste kyrkjene ikkje blei tekne betre vare på – blant anna som historiske bygg og kulturminneverdiar. I denne samanhengen blei mangelfull brann- og tjuverisikring trekt fram som ei utfordring. Det var semje i komiteen om at kommunane har det økonomiske ansvaret for å drifte og halde kyrkjene ved like, medan sokna i Den norske kyrkja eig og forvaltar bygga.

